Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 25 - 1997

Oslo 1997

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktørar: Gulbrand Alhaug, Peter Hallaråker, Botolv Helleland og Lars S. Vikør

Utgjevarstad:
Seksjon for namnegransking
Institutt for nordistikk og litteraturvitskap
Universitetet i Oslo

Nr. 25 1997

Redaksjonen er avslutta 24. juni 1997

Adresser m.m.

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704; postgiro: 0804 4215307. Kontingenten er 130 kroner for året.

Tidsskriftet *Namn og Nemne,* Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplassen 9, 5007 Bergen. Tlf. 55 58 24 22.

Meldingsbladet *Nytt om namn,* Seksjon for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Tlf. 22 85 43 75.

INNHALD

NORSK NAMNELAG
Landsmøte i Norsk namnelag 2
G. Akselberg: Namnelag og namnepublikasjonar 3
KONFERANSAR OG MØTE
Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking 8
Jubileumssymposium i Uppsala 9
NORNA-symposium om utanlandske namn 9
Symposium om Oluf Rygh 10
NORMERING OG BRUK AV NAMN
Glåma eller Glomma 10
Kan nokon ha einerett på stadnamn? 11
Namn på nytt vegkryss ved Gamlebyen i Oslo 12
Nordfjella eller Skarveheimen? 13
A. Midbrød: Bakkebø og Slettebø 14
Klagenemnda for stadnamnsaker 16
Undersøking av offisielle vegnamn og gatenamn i Møre og Romsdal 26
Estland har fått lov om stadnamn 27
ARTIKLAR OM NAMN
P. Hovda: Øynamn i Ryfylke 29
O. Veka: Haug, Haugen, Haugan, Hauge og 63000 andre etternamn 32
Namn på stormar – Agder, Bera, Frode og Idun 34
MINNEORD
Per Hovda 1908-1997 36
Nils Hallan 1926-1997 39
BOKOMTALAR
Ny lærebok i stadnamngransking 41
Festskrift til Jørn Sandnes 43
Festskrift til Egil Pettersen 44
ANNA MELDINGSSTOFF
Frå Avdeling til Seksjon for namnegransking 45
Evaluering av lov om stadnamn 45
Revisjon av Norsk stadnamnleksikon 45
NORNA-nytt 46
Svensk pris til norsk namnegranskar 47
Skotsk Namnelag stifta 47
Hovudoppgåver våren 1997 48
Hovudoppgåver under arbeid (arbeidstitlar) 48
Norsk namnebibliografi 1995 – tillegg 48

NORSK NAMNELAG

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Landsmøtet i Norsk namnelag ble holdt på Blindern i Oslo den 22. november 1996, rett etter den 8. nasjonale konferansen i navnegransking. Igjen hadde det gått 3 år siden forrige landsmøte. Denne gangen var treårsperioden i samsvar med gjeldende lover, siden de ble endret etter uravstemning mellom medlemmene gjennom *Nytt om namn* nummer 21-1995. Gjennom samme uravstemning ble det avgjort at redaksjonene i *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* velges for 3 år av gangen (tidligere 2 år).

Under punktet "Virksomheten i Norsk namnelag 1994-96", opplyste formannen Botolv Helleland at styret har hatt 4 styremøter i denne perioden. Laget oppfatter utgivelsen av tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet *Nytt om namn* som de viktigste aktivitetene. Begge deler er i rute. Tidsskriftet har kommet med ett nummer i året, meldingsbladet med to nummer.

Ifølge lagets lover har "Norsk namnelag ... til føremål å vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern". Reidar Djupedal, første formannen i Norsk namnelag, la i sin tid spesielt vekt på tilnærmingen til allmennheten. I dag arbeider laget i hovedsak faglig-vitenskapelig. Ønsker vi det, eller bør vi endre retning?

Forlaget Alvheim & Eide har i alle år gjort et svært godt arbeid, slik at tidsskriftet *Namn og Nemne* har en høy teknisk kvalitet. Nå har forlaget varslet nedtrapping av virksomheten. Namnelaget må arbeide for å finne en ny løsning.

Et tidligere forslag om engelsk sammendrag av artiklene i *Namn og Nemne* ble gjentatt på landsmøtet. Det ble argumentert med at artiklene ellers vil bli glemt i internasjonal sammenheng. Redaksjonen fikk i oppdrag å vurdere spørsmålet på nytt. Videre ble det, som et tiltak for å hjelpe stofftilgangen til *Namn og Nemne,* bestemt at redaksjonen i *Nytt om namn* heretter sender litteraturomtaler til *Namn og Nemne,* for å bli vurdert om de isteden kan gå inn som bokmeldinger der.

Norsk namnelag har nå i overkant av 350 medlemmer, som må anses som høyt for en organisasjon av denne typen. Likevel bør vi fremdeles drive medlemsverving, f eks i forbindelse med kursvirksomhet og i samarbeid med andre tidsskrifter *(Heimen* og *Norsklæreren).* Det ble bestemt at medlemsavgiften foreløpig skal være som før (130 kroner i året). Imidlertid ble styret gitt fullmakt til å vurdere om avgiften bør økes i løpet av treårsperioden fram til neste landsmøte.

Regnskapene for 1993, 1994 og 1995 ble lagt fram og godkjent. Fordi redaksjonene ikke tar seg betalt for det arbeidet de gjør, mente landsmøtet at denne idealistiske innsatsen heretter bør komme fram som en merknad i regnskapet.

Gjennom *Nytt om namn* nummer 23 (våren 1996) la styret fram følgende lovendringsforslag til uravstemning mellom medlemmene: Siste setning i § 6, pkt. 1 endres fra "Same skriftstyret kan sitje i 3 valbolkar etter kvarandre" til "Skriftstyra kan attveljast". Endringsforslaget fikk to tredjedels flertall, og er dermed vedtatt. Det ble bestemt at lovene, slik de ser ut etter endringene i §§ 3 (se ovenfor) og 6, skulle trykkes i sin helhet i *Nytt om namn*. (De kommer i neste nummer, nr. 26. Red.)

Gunnstein Akselberg ble valgt som ny formann for den neste treårsperioden. Gulbrand Alhaug ble gjenvalgt som varaformann. Ellers kom disse med i styret: Peter Hallaråker, med Terje Larsen som varamedlem (begge gjenvalgt), Kjell Erik Steinbru, med Oddvar Nes som varamedlem (begge gjenvalgt) og Anne Svanevik (gjenvalgt) med Kristin Bakken som varamedlem (ny). Bjørn Eithun og Eskil Hanssen fortsetter som revisorer.

Som redaksjon for *Namn og Nemne* ble Oddvar Nes gjenvalgt. Gunnstein Akselberg kom inn istedenfor Ole-Jørgen Johannessen. Botolv Helleland fortsetter som redaktør for *Nytt om namn*. Kristoffer Kruken går ut, og isteden etableres en redaksjonsgruppe bestående av Helleland, Gulbrand Alhaug, Lars Vikør og Peter Hallaråker.

Anne Svanevik
Oslo

NAMNELAG OG NAMNEPUBLIKASJONAR

Norsk namnelag har fått ny leiar, og leiarskifte markerer ofte eit tidsskifte, retningsskifte eller profilskifte. Kva eg måtte representera for laget i så måte er enno uvisst. For meg er leiarskiftet fyrst og fremst ei tid for ettertanke og refleksjonar.

Eg er den tredje leiaren i Norsk namnelag. Reidar Djupedal var den fyrste, og han sat i vervet frå laget vart skipa 18. november 1983 til fram på seinhausten 1988. I november 1988 sa Djupedal frå seg attval, og Botolv Helleland vart vald til ny leiar. Begge desse leiarane har arbeidd laget fram til ein solid namneinstitusjon som det no er mi oppgåve å føra vidare. Den utfordringa vil eg ta så godt eg kan.

Som ny leiar har eg gjort meg nokre tankar om oppgåvene til *Norsk namnelag*, og eg er særleg oppteken av kva vil vi med laget vårt og med dei to publikasjonane våre, *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Viktigaste oppgåva til namnelaget er å gje ut det nasjonale namnetidsskriftet *Namn og Nemne*. Det er på grunn av tidsskriftet vi får medlemar til laget, og det er medlemsavgifta som gjer oss økonomisk i stand til å gje ut tidsskriftet og meldingbladet *Nytt om namn*.

Namn og Nemne føyer seg inn i ein god europeisk tidsskrifttradisjon. I Norden merker Sverige seg ut med to namnetidsskrift, som begge har ein sterk nordisk profil: stadnamntidsskriftet *Namn och Bygd*, som no går i sitt 85. år, og personnamntidsskriftet *Studia Anthroponymica Scandinavica*, som i år kjem

i sin 15. årgang. Det er viktig å merka seg at i Sverige kjem det også ut to viktige årsskrift, *Ortnamnssällskapets i Uppsala årsskrift* (OUÅ) og *Sydsvenska ortnamnssällskapets årsskrift* (SOÅ). Danmark, Finland og Island manglar diverre nasjonale namnetidsskrift, men islendingen Þórhallur Vilmundarson sender med ujamne mellomrom ut sitt eige stadnamntidsskrift *Grímnir*, som hovudsakleg har stoff om islandske namn. *Grímnir* har kome med tre nummer, det siste i 1996.

På kontinentet er den onomastiske tidsskrifttradisjonen solid, men ingen stader er tradisjonen så ubroten som i Sverige. I England finst det nasjonale tidsskriftet *Nomina*, og i Tyskland kjem det ut fleire namnetidsskrift av nasjonal karakter, m.a. *Namenkundliche Informationen* og *Blätter für oberdeutsche Namenforschung*. I Italia finst det nystarta *Rivista Italiana di Onomastica*, som kom ut fyrste gongen i 1995, medan t.d. namnetidsskrifta i Spania, *Toponimiá*, i Austerrike, *Österreichische Namenforschung*, og i Nederland, *Naamkunde*, har ein lengre tradisjon bak seg.

På det nordamerikanske kontinentet vert det amerikanske *Names* og det kanadiske *Onomastica Canadiana* gjevne ut. Dessutan må nemnast den internasjonale namneorganisasjonen ICOS (International Congress of Onomastic Sciences) sitt namnetidsskrift *Onoma* og det sentrale internasjonale namnetidsskriftet *Beiträge zur Namenforschung*.

I denne sterke europeiske og internasjonale tidsskrifttradisjonen har tidsskriftet vårt viktige oppgåver å fylla. *Namn og Nemne* er fyrst og fremst eit sentralt organ for norske stadnamninteresser her heime, men det er også eit viktig organ for norsk namnegransking sett i ein større internasjonal samanheng. Gjennom *Namn og Nemne* får det internasjonale namnemiljøet kunnskap om sentrale sider ved norsk namnegransking, og gjennom *Namn og Nemne* kan vi formidla internasjonale forskingsresultat med relevans for norsk namnegransking, og på dette viset kommuniserer vi fagleg med namnemiljøa i utlandet. Denne sida ved tidsskriftfunksjonen er enno lite utbygd, men det er ei side vi bør leggja meir vekt på dei komande åra. Éi side ved denne oppgåva kunne vera i større grad enn no å melda relevante utanlandske avhandlingar, bøker og artiklar.

I eit internasjonalt perspektiv kunne det vera tenleg at artiklane hadde hatt samandrag på engelsk eller tysk. Prinsipielt sett ville det vera fornuftig med slike samandrag, men reint praktisk sett ville dei gje redaksjonen ei rekkje problem. Kven skulle vera fagleg ansvarleg for samandraga, og kven skulle vera språkleg ansvarleg for den engelske eller tyske framstellinga? Forfattarane kunne nok laga samandrag sjølve, men redaksjonen måtte ha ein språkkunnig konsulent å ty til, og konsulentarbeid er ikkje gratis. Dessutan tek samandrag plass i tidsskriftet, noko som kan gå ut over anna viktig stoff.

Namn og Nemne er eit tidsskrift av høg teknisk og fagleg kvalitet, det har vi fått mange tilbakemeldingar på av det internasjonale fagmiljøet, men diverre er det slik i den internasjonale tidsskriftsfæren at dersom eit tidsskrift

ikkje har såkalla referee-teneste, held det ikkje vitskapleg mål. Om vi skal utvikla ei slik teneste, er uvisst. Dét er fyrst og fremst eit ressursspørsmål.

Fyrste nummer av *Namn og Nemne* kom i 1984, og målet har heile tida vore å gje ut eit hefte kvart år. Dette målet har det av ulike grunnar ikkje vore så enkelt å halda oppe. Fleire av hefta har ikkje kome ut det året dei skulle, og ved eitt høve måtte to årgangar, årgangane 1992 og 1993, slåast saman. Ofte har stofftilgangen hatt skulda for sein eller manglande utgjeving. Andre gonger skuldast sein utgjeving tilhøve redaksjonen og namnelaget ikkje har vore herrar over. Manuset til 1996-årgangen var t.d. prenteklart i god tid før jul i fjor, men så måtte vi venta både hjå trykkjar og bokbindar av di det var meir lukrativt for dei å produsera reklamemateriell til forretningsstanden i samband med julehandelen, enn å prioritera ein norsk namnepublikasjon. Frå 1997 av synest det heldigvis som om *Namn og Nemne* atter er i rute, dvs. at den rette årgangen kjem ut i rett kalendarår. 1996-årgangen vart trass i alt send ut ikkje seinare enn i januar i 1997. Det lovar godt.

Frå starten av sat Oddvar Nes og Ole-Jørgen Johannessen i redaksjonen for *Namn og Nemne*. I 1995 vart eg redaksjonsmedlem i tillegg til Nes og Johannessen, og frå 1997 sit Nes og eg i redaksjonen.

Det er ein stor føremun at redaktørane høyrer til det same fagmiljøet. Oddvar Nes og eg kan ha uformelle møte om *Namn og Nemne* når som helst, og det er kort veg både til typograf og setjar. Dessutan har vi stendig kontakt med forleggjaren vår, Ole Egil Eide.

Å driva eit nasjonalt namnetidsskrift er arbeids- og tidkrevjande, og redaksjonsoppgåvene er svært mangslungne. Ein stor del av dei redaksjonelle oppgåvene er faktisk av ikkje-namnefagleg karakter. Det fagredaksjonelle arbeidet gjeld fyrst og fremst å lesa gjennom innsende manus, å gje tilbakemelding til forfattarane og å korrespondera med forfattarane om korrektur. Ei anna viktig fagredaksjonell oppgåve er å få mange og gode manus til redaksjonen, men det er ikkje alltid enkelt å få dei norske namnegranskarane til å skriva for oss. Sjølv etter lovande samtalar med potensielle artikkelforfattarar, kan det ta tid før vi ser noko til manusa. Ei fagredaksjonell oppgåve som også tek mykje tid, er all korrekturlesinga. Det tek redaktørane seg av.

Teknisk sett held *Namn og Nemne* ein høg standard, og det ligg mykje arbeid bak eit slikt produkt. Ole Egil Eide har vore viktig for oss ikkje berre som forleggjar, men han har òg vore ein garantist for teknisk godt handverk, og han har gjort sitt beste for å læra opp meg i den tradisjonen. Det har t.d. gått mange timar ved lys- og redigeringsbordet for å få til teknisk gode sider, og det vert ofte mange turar fram og tilbake mellom redaksjonen og setjeriet og trykkjeriet før vi er nøgde.

Ole Egil Eide står også for distribusjonen av *Namn og Nemne*. Han gjer eit grundig og godt arbeid same kva han tek fatt i, og han er alltid presis. Årgangen 1997 er forresten den siste Ole Egil Eide er med å føreleggja. Han har meldt skriftleg frå til namnelaget om at han trekkjer seg frå alle forleggjaroppgåver frå og med 1998. Korleis det skal gå med *Namn og Nemne*

frå 1998 er enno uvisst. Vi får vona at Eide kan halda fram som forleggjar-konsulent for oss, men i alle høve vil den endra situasjonen føra til at endå fleire oppgåver vert lagde på dei to redaktørane. Dette kan resultera i ein vanskeleg redaksjonell situasjon.

Ein skulle tru at det ville vera ei smal sak å halda orden på økonomien i eit lag som vårt, men å halda styr på abonnementslister, inn- og utmeldingar, inn- og utbetalingar, utsending av purrebrev o.l., tek faktisk mykje tid. Til tider vert dette administrative arbeidet for mykje for dei to redaktørane, som også har andre plikter å skjøtta enn dei redaksjonelle, så difor har vi frå 1997 fått førstesekretær Gunhild Stefánsson til å halda orden på økonomien vår. Frå starten av og fram til 1996 var det Gerd Salomonsen som vederlagsfritt tok seg av dette arbeidet.

Det er nok den fagredaksjonelle profilen dei fleste lesarane legg merke til, og her har Namn og Nemne to sentrale oppgåver. Publikasjonen skal både reflektera 'Stand der Forschung', men han bør òg vera med å staka ut forskingsprofilen for den komande norske namnegranskinga. Dette er arbeid vi må vera oss meir medvite, og det er ei viktig oppgåve vi har saman med andre publikasjonar innom disiplinen vår. Norsk namnegransking har vore eit tradisjonelt fagområde, og dette vert naturleg nok reflektert i *Namn og Nemne*. Likevel er det i ferd med å skje ei teoretisk og metodisk nyorientering i norsk namnegransking, og ho har òg fått sin plass i *Namn og Nemne*, men vi bør nok gje større rom for denne utviklinga i tidsskriftet i åra som kjem. Ein måte å fylle dén oppgåva på er å melda eller omtala relevante doktor-avhandlingar. Eg ser det som viktig at alle vitskapsteoretiske innlegg og doktordisputasar i norsk namnegransking, dvs. opposisjonar og doktorandens svar, vert trykte i *Namn og Nemne*.

I meldingsbladet *Nytt om namn* kan vi verta flinkare til å informera om og omtala/melda hovudoppgåver og annan aktuell namnelitteratur som t.d. rapportar, artikkelsamlingar, oppslagsverk, referanseverk, handbøker og sentrale artiklar i andre tidsskrift. Både *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* bør vera publikasjonar der både forskarane og det allment interesserte namne-publikumet kan verta oppdatert om utviklinga i faget.

Ein annan måte å representera den aktuelle forskinga på, og ikkje minst ein viktig måte å få lesarane i tale på, er å leggja vekt på faglege debattar i publikasjonane våre. I 1996-årgangen av *Namn og Nemne* har vi så vidt fått døme på korleis dette kan gjerast, og det er noko eg vil vera med på å vidare-utvikla.

Norsk namnelag er eit frittståande lag utan formell tilknyting til fagmiljøa ved dei norske universiteta. Dette er både ein føremun og ei ulempe. For laget som organisasjon er det positivt at vi står fritt, ingen andre kan då leggja seg opp i arbeidsoppgåvene, den faglege profilen eller økonomien vår. For leiaren og redaksjonsmedlemane kan det derimot by på mange praktiske og faglege ulemper ved å ikkje vera formelt knytt til fagmiljøa. Det mangslungne redaksjonsarbeidet for *Namn og Nemne* kan, slik situasjonen no er, ikkje

kompenserast verken økonomisk, administrativt eller pedagogisk. Det er dessutan uvisst kor meriterande det er å vera redaktør av *Namn og Nemne*. Redaksjonsarbeidet kan lett gå ut over forskingsbolken og andre kvalifiserande arbeidsoppgåver. Redaksjonsarbeidet er definert som fritidsarbeid, medan andre på instituttet kan få kompensasjon for dei faglege eller administrative oppgåvene dei utfører for instituttet. Vit dessutan at redaksjonsmedlemane betaler medlemsavgift til laget som alle andre medlemar.

Ved utsendinga av årgang 13 i januar 1997 hadde namnelaget vel 350 medlemar, dvs. abonnentar. Dette er ein stor abonnentskare for eit slikt fagtidsskrift. Til dømes har systertidsskrift vårt i Sverige med ein sterk nordisk profil, *Namn och Bygd*, vel 200 abonnentar. Kontakten med den interesserte ålmenta og fagmiljøet er såleis god. Og dét er ein kontakt som forpliktar. I tillegg til at publikasjonane vore bør representera den aktuelle forskinga, må vi òg ha med stoff av meir tradisjonell og allmenn karakter. Vi må t.d. ikkje gløyma at mange av medlemane våre er lærarar som driv god namnemisjon rundt omkring i skulane, ikkje minst som rettleiarar for elevar i den vidaregåande skulen som skriv særemneoppgåver om person- eller stadnamn.

Eg trur det er naudsynt at namnelaget markerer seg fagleg sterkare i åra framover. Det gjeld t.d. ved planlegging og gjennomføring av faglege konferansar, kongressar og seminar. Det er også viktig at vi markerer oss når det gjeld namnegransking som undervisnings- og forskingsfag ved universiteta og høgskulane, særleg ved utarbeiding av fagplanar og pensum. Det er viktig at forskings- og undervisningsfaget vert halde i hevd ved dei akademiske institusjonane våre, og det er viktig å sikra rekrutteringa til vitskaplege stillingar. Dessutan er det viktig at vi peikar på nye forskingsoppgåver, t.d. burde vi vera med på å få fart i arbeidet med ei nyutgåve av *Norske Gaardnavne*, eit storarbeid som fleire må stå saman om. Dessutan bør vi markera oss sterkare i offentleg samanheng, t.d. i samband med praktisering av lov om stadnamn, i namnesaker og normeringsarbeid, med omsyn til offentleg og privat namneskikk (jfr. t.d. tilbakemeldingar Språkrådet gjev i så måte gjennom språkprisen sin), og i forvaltinga av den historiske namneskatten vår.

Som leiar vil eg arbeida for at namnelaget markerer seg sterkare enn før, og at *Namn og Nemne* og *Nytt om namn* kan halda fram med å ha ein høg teknisk standard og høg fagleg kvalitet. Eg vil arbeida for at publikasjonane våre reflekterer forskinga i disiplinen, samstundes som fagtradisjonen får sin plass. Dessutan vil eg opna for fleire debattinnlegg, og gjera publikasjonane meir aktuelle ved å fremja kontakten med medlemane.

Som leiar vonar eg at aktive norske namneforskarar engasjerer seg sterkare som manusleverandørar, at medlemstalet vert halde oppe og at redaksjonsoppgåvene vert å leva med. Særleg ynskjer eg gjennom namnelaget og publikasjonane våre å vera med å vidareutvikla den gode faglege namnelagstradisjonen som dei to føregåande leiarane har lagt.

Gunnstein Akselberg
Bergen

KONFERANSAR OG MØTE

DEN 8. NASJONALE KONFERANSEN I NAVNEGRANSKING

Fredag 22. november 1996 gikk den 8. nasjonale navnekonferansen av stabelen på Blindern. Temaet denne gang var *Navnegransking som studie- og undervisningsfag*, og ansvarlige for programmet var Gunnstein Akselberg, Universitetet i Bergen og undertegnede. Foredragsholderne var alle spesielt invitert med oppgitte emner. Intensjonen bak denne løsningen var å få til et enhetlig program med en tematisk progresjon.

For størstedelen viste dette opplegget seg å være vellykket; mange ga uttrykk for at de satte pris på den tematiske konsentrasjonen. Som innvending har det kommet fram siden at noen av foredraga var overlappende, mens enkelte andre aspekter ved emnet var valgt bort av samtlige foredragsholdere og dermed med rette kunne etterlyses. Tida som var satt av til diskusjon var også i knappeste laget etter manges mening. Som arrangører er vi likevel fornøyde med de mange positive tilbakemeldingene vi har fått.

Følgende foredrag blei holdt: Etter at Tom Schmidt fra Avdeling for navnegransking i Oslo hadde åpnet konferansen, holdt Gunnstein Akselberg og Kristin Bakken et åpningsforedrag der det blei gitt et overblikk over norsk navnegransking i dag. Deretter fulgte det utenlandske foredraget ved Lars-Erik Edlund fra Umeå. (Det er blitt tradisjon at det inviteres en utenlandsk foredragsholder til hver nasjonale konferanse.) Edlund holdt et fengende foredrag om navnegransking i Nord-Sverige og Nord-Skandinavia i et tverrfaglig (historisk) perspektiv. Etter kaffepausen foredro Lars Vikør over navnegransking slik emnet fortoner seg sett fra nordiskfaget, og Åse Kari Hansen ga en presentasjon av forskingsfaget slik det framstår i Norge. Etter lunsj fulgte så tre foredrag der faget utenfor universitets- og høgskolesystemet var emnet. Hildegunn Otnes ga didaktiske perspektiver på navnegransking som emne i grunnskolen, og Erik Vintermyr drøftet vilkår og muligheter for å inkorporere navnegransking i undervisningen i videregående skole. Til slutt holdt Peter Hallaråker et foredrag der emnet var allmennhetens oppfatning av og reaksjon på vårt fag. Konklusjonen på hans foredrag var at fagmiljøet av navnegranskere i Norge absolutt er tjent med å pleie kontakten med den såkalte allmennheten. Vi fagfolk er så heldige å forvalte et fag som allmennheten er svært interessert i, og Hallaråker oppfordret alle til å holde kanalene mot allmennheten åpne, noe som er i begge parters interesse.

Som et ledd i kontaktskapende og informativt arbeid av den typen som Hallaråker oppfordret til, får vi håpe at også den åttende nasjonale navnekonferansen vil bidra positivt. Rapport fra konferansen er under redigering og vil foreligge i løpet av året.

Kristin Bakken
Oslo

JUBILEUMSSYMPOSIUM I UPPSALA

Den 4 december 1996 kunde NORNA - Nordiska samarbetskommittén för namnforskning - fira sitt 25 års jubileum. För att högtidlighålla detta hölls ett jubileumssymposium, passande nog NORNA:s 25:e symposium, i Uppsala. Symposiet arrangerades i samarbete med SOFI [Språk- och folkminnesinstitutet] och Seminariet för nordisk namnforskning vid Uppsala universitet.

Symposiet, med temat *Den nordiska namnforskningen. I går, i dag, i morgon,* ägde rum i Uppsala 7-9 februari 1997. Ämnet var således dels självbespeglande, en granskning av vad som gjorts och görs inom nordisk namnforskning, dels och inte minst ett försök till blick in i framtiden.

På grund av symposiets speciella karaktär ansågs det önskvärt att få ämnet så allsidigt belyst som möjligt. Därför inbjöds namnforskare från vart och ett av de nordiska länderna för att spegla namnforskningen från sitt lands horisont. Därtill kom två föredrag om NORNA:s förhistoria, hållna av Lars Hellberg samt NORNA:s nuvarande ordförande Mats Wahlberg.

Symposiet lockade ett 80-tal deltagare och blev därmed ett av det mest välbesökta i NORNA:s historia.

Mats Wahlberg og Per Vikstrand
Uppsala

NORNA-SYMPOSIUM OM UTANLANDSKE NAMN

I dagane 28.-30. mai 1997 vart NORNAs tjuesjette symposium skipa til på Kringsjå kurssenter i Oslo. Symposiet var eit samarbeidstiltak mellom Den nordiske divisjonen av FNs ekspertgruppe for geografiske namn, Nordisk språkråd og NORNA. Emnet for symposiet var utanlandske namn i Norden. Det var med ca. 50 deltakarar, og alle dei fem nordiske landa pluss Estland var representerte. Det vart halde 22 foredrag.

Dei fleste foredraga handla om geografiske namn. Ein raud tråd var spørsmålet om tilpassing av utanlandske namn til eige språk vs. bruk av autentiske namneformer. Termparet *eksonym* (tilpassa namneform, t.d. *Mexico by* på norsk og *Mexico City* på engelsk) og *endonym* (autentisk namneform, t.d. *Ciudad de Méjico)* stod sentralt. Blant foredraga nemner vi: Hans Ringstam: "FNs arbete med ortnamn, speciellt exonymer" (FN går inn for mest mogleg bruk av endonym); Vigleik Leira: "Språkrådets arbeid med utenlandske geografiske navn" (han hevda det grunnsynet at tilpassing eller "eksonymisering" måtte vere rett som hovudprinsipp pga. omsynet til vanlege språkbrukarar og til språksystemet); Peeter Päll: "Consequences of the coexistence of different writing systems in the example of Estonia" (konflikten mellom kyrillisk og latinsk skrift, brukt til resp. russisk og estisk); Anne Svanevik: "Nordiske stedsnavnregister for kart i mindre målestokker"; Jógvan í Lón Jacobsen: "Navne i den nye færøske verdensatlas" (ein saftig kritikk av overdriven

"færøyisering" eller jamvel "islandisering" av utanlandske geografiske namn); Lars Törnqvist: "Namnordböcker för aktivt bruk"; Gunnstein Akselberg: "Utanlandske namn i skulebøker for grunnskulen (geografibøker, o-fag, atlas)"; Per Egil Hegge: "Prinsipper for bruk av utenlandske stedsnavn i Aftenposten"; Kaisa Rautio Helander: "Samiske navn som eksonymer og endonymer". Tre foredrag handla om finsk-skandinaviske namneproblem: Peter Slotte: "Utländska namn på finska och svenska i Finland"; Erling Wande: "Finska namnformer för svenska orter i Sverige"; Tuula Eskeland: "Finske stedsnavn og kulturkontakt Solør - Värmland".

På den siste konferansedagen fekk vi eit foredrag av Patrick Chaffey som hadde tittelen "Anglo-American influence on Norwegian firm and institution names", men som eigentleg handla mest om problem med å setje om slike namn – ikkje minst namn på yrkes- og andre titlar – frå norsk til engelsk, noko som krev diplomatiske og psykologiske evner like mye som språkkunnskapar. Det var òg tre foredrag om personnamn: Vera Lif: "Vad händer med invandrares namn i Sverige?" (om korleis svenskar forvrengjer namna til sørausteuropeiske og asiatiske innvandrarar); Bjørn Eithun: "Utenlandske personnavn i norske mellomalderbrev"; Eva Brylla: "Att lysa med lånta fjädrar. Något om svenskarnas benägenhet att anta utländska namn".

Enda var det meir. Men dei spente får smørje seg med tolmod. Foredraga blir publiserte i ein NORNA-rapport.

LSV

SYMPOSIUM OM OLUF RYGH

I 1999 er det 100 år sidan Oluf Rygh døydde, og til hundreårsminnet planlegg det norske namnegranskarmiljøet eit symposium på Stiklestad. Emnet for symposiet er enno ikkje fastsett, og vi vil seinare koma med meir handfaste opplysningar om innhaldet. Tanken er, i alle fall førebels, å få representert alle dei tre fagområda Oluf Rygh arbeidde med: namnegransking, historie og arkeologi.

Ola Stemshaug
Trondheim

NORMERING OG BRUK AV NAMN

GLÅMA ELLER GLOMMA

Etter tilråding frå namnekonsulenttenesta har Namnerådet i Statens kartverk gjort vedtak om at namnet på Noregs største elv skal skrivast *Glåma* i den øvre

delen, dvs. i Hedmark og Sør-Trøndelag, og *Glomma* i den nedre delen, dvs. i Akershus og Østfold. Denne fordelinga gjeld kart som Statens kartverk gjev ut. Andre kan nytta den eine eller den andre skrivemåten. Etter at vedtaket vart kjent, var det ein god del mistydingar ute og gjekk i lokalpressa og lokalradioen. M.a. vart det sagt at elva "heitte" Glåma oppe og Glomma nede. Det rette er at elva har to jamstelte skrivemåtar, men av praktiske grunnar har Kartverket funne det tenleg å nytta dei i kvart sitt område ut frå den tradisjonen dei har. Då har det vore naturleg å leggja fylkesgrensa til grunn.

BH

KAN NOKON HA EINERETT PÅ STADNAMN?

Det kommunale turistkontoret i Arendal har planlagt å marknadsføra ei båtlei frå Arendal til Kristiansand. Leia går på utsida av den meir kjende strekninga Blindleia og skal heita Sørlandsleia. Namnet, som visst nok ikkje har vore i bruk før, vil sikkert ha ein god klang i dei fleste sine øyro, og turistkontoret har vendt seg til Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka for å høyra om det er høve til å marknadsføra ei reiserute under dette namnet og ha einerett på namnet. Den eine av dei to konsulentane, Botolv Helleland, har gjeve følgjande kommentar:

Spørsmålet om eit stadnamn kan brukast fritt, eller om det knyter seg restriksjonar til bruken av det, kjem opp med visse mellomrom, kanskje oftare no enn før. Allment kan ein seia at eit stadnamn kan nyttast munnleg eller skriftleg av kven som helst. Når det offentlege brukar eit stadnamn i sine publikasjonar, skal det skrivast i samsvar med stadnamnlova.

Delingslova regulerer bruken av eigedomsnamn. Grunneigedomar får oftast det namnet som er knytt til staden frå tidlegare, eller det får eit nylaga namn. Men det er ikkje høve til å gje ein eigedom eit namn som alt er i bruk som slektsnamn, og som ikkje høyrer til dei meir vanlege, så sant ikkje eigaren kan dokumentera at namnet har gammal, nedervd tilknyting til staden.

Bortsett frå denne restriksjonen kan ein person velja kva namn han vil for eigedomen sin, t.d. Hårteigen. Det er heller ikkje noko som hindrar ein person eller ein organisasjon i å nytta eit stadnamn som namn på eit firma eller eit produkt dersom det ikkje alt er i bruk som namn på firma/produkt eller er eit verna slektsnamn. Varemerkelova frå 1961 og firmalova frå 1985 regulerer bruken av firmanamn og produktnamn, men er ikkje utarbeidd med tanke å verna stadnamn som kulturarv.

Sjølv om Turistkontoret i Arendal har gjeve namnet *Sørlandsleia,* kan det ikkje ha einerett på bruken av det. Kontoret kan rimelegvis laga eit produkt "Sørlandsleia" og marknadsføra det, men Turistkontoret kan ikkje nekta andre operatørar å bruka namnet når dei lagar turistopplegg for Agder-kysten. Ein

annan ting er at konkurrerande turistinteresser er kollegiale nok til ikkje å kopiera produktet til Arendals-kontoret.

NAMN PÅ NYTT VEGKRYSS VED GAMLEBYEN I OSLO

Frå Bydel 6 i Oslo v/ Terto Kaikumo fekk Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agder-fylka telefonisk spørsmål om høveleg namn på det nye vegkrysset ved Gamlebyen. Bydelsadministrasjonen hadde gjort framlegg om *Oslo Torv*. Svaret frå namnekonsulenttenesta v/ Botolv Helleland følgjer her:

Eg viser til telefonsamtale om namn på det nye vegkrysset ved Gamlebyen. Etter det eg har fått opplyst, og elles samanhalde med m.a. Erik Schias bok *Innerst i Viken* (1991), Terje Reppens hovudoppgåve *Stedsnavn fra Oslo* og *Oslo byleksikon*, ligg krysset mellom det gamle *Bispeallmenningen* (no *Bispegate)* og *Langstrete/Vestre strete* (no *Oslo gate),* like vest for *Hallvardskirken* (jf. s. 32 i Schias bok, kopi av kartskisse vedl. her). Som kjent vart *Bispelokket* brukt om den tidlegare brua her, altså med referanse til historiske tilhøve.

Sidan det her er tale om namn på eit veganlegg som ligg nær det historiske sentrum i Oslo, burde ein kunne vurdera eit namn med lokal historisk tilknyting, t.d. *Bispeallmenningen* eller *Bispetorget,*men det er mogeleg at desse namna er aktuelle for andre objekt i området. No er det ikkje urimeleg å dra inn *Oslo* som ledd i namnet på eit stort vegkryss i Gamlebyen – det er jo her bynamnet har sitt opphav. Men vi skulle gjerne sett at namnekonsulenttenesta hadde fått litt meir tid til å vurdera namnevalet. Vi har såleis ikkje kunna konferera med den fremste eksperten på Gamlebyen, Petter Molaug, etter som han er i Sverige i dag.

Så vidt vi har fått opplyst, ønskjer bydelen å nytta eit namn som er samansett med *Oslo* og *torg/torv*. Spørsmålet om kva form namnet skal ha, gjeld samansetjinga av dei to ledda, om etterleddet skal ha *torg* eller *torv*, og om etterleddet skal ha stor eller liten bokstav ved særskriving. Her kan ein jamføra med andre "torg"-namn i Oslo: *Ankertorget, Egertorget, Jernbanetorget, Økerntorget, Youngstorget, Stortorvet* Det siste er i 1755 nemnt som *Nye torv* og visstnok det einaste som i dag er vedteke med forma *torv*. Vidare finst *Grønlands torg*, som i sin tur er det einaste som er skrive i to ord. Ordet *torg* er eit russisk lånord som har kome tidleg inn i norsk, truleg gjennom svensk (ordet er forresten i slekt med bynamnet Triest) og tyder 'marknadsplass, open plass i by'. I Romeriksmålet er det òg nytta om møteplass og nærmar seg då tydinga 'vegkryss'.

Konklusjon:
Ut frå tidlegare namnepraksis, og i samsvar med hovudregelen for namnelaging i norsk, vil vi tilrå *Oslotorget* som skrivemåte. Dersom bydelen likevel vil gå inn for å skriva namnet i to ord, bør ein nytta *Oslo torg* med liten føre-

bokstav i etterleddet som i *plass* og *gate*, t.d. *Sofies plass*, *Schweigaards gate*. Stor bokstav er derimot ofte brukt når *senter* er nytta som etterledd, t.d. *Manglerud Senter*. Rettskrivingsreglane tillet stor førebokstav i etterledd som er særskrivne (når føreleddet er eit eksisterande namn), men hovudregelen er liten førebokstav. Det tredje alternativet, *Oslo torv*, passar etter vårt syn mindre godt i eit område som knyter seg til den gamle delen av Oslo. I skrift, og hjå visse grupper i talemålet, har *torv* lang tradisjon, men den folkelege forma i Oslomålet har vore *tørj*, som svarar til rettskrivingsforma *torg*.

NORDFJELLA ELLER SKARVHEIMEN?

Namn på fjellområdet nord for Bergensbana, vest for Hemsedal, sør for riksveg 52 og aust for Flåmsbana. Tilråding 28.4.1997 til Statens kartverk, Buskerud, frå Namnekonsulenttenesta for Austlandet og Agderfylka.

Det er to namn som er aktuelle for dette området, Nordfjella og Skarvheimen. Skrivemåten av båe desse namna er i samsvar med den mest vanlege seiemåten og norske rettskrivingsprinsipp og bør såleis kunna nyttast av det offentlege.

Når det gjeld spørsmålet om kva namn som skal nyttast av det offentlege, så er det ei sak som ikkje er direkte heimla i lov om stadnamn. Paragraf 3 i lova seier at når eit stadnamn har fått fastsett skrivemåte, skal det nyttast av det offentlege. Normalt er det namnet som får fastsett skrivemåte etter stadnamnlova, eit nedervt stadnamn som er nytta på staden frå før.

I denne namnesaka er det ikkje er noko gamalt namn som høver for området. Det går fram av materialet at Nordfjella har vore nytta sidan fyrst på 1970-talet, hovudsakleg i samband med tamreindrift i dei aktuelle kommunane, medan Skarvheimen har vore i bruk berre eit par år etter at Den norske turistforening innførte namnet gjennom ein namnekonkurranse.

Båe namna bør kunna nyttast, det eine ut frå ein viss lokal tradisjon, det andre ut frå viss, men heller kort turisttradisjon. I grunnlagsmaterialet kjem det fram at det er sterke ynske lokalt (bortsett frå ein kommune) til å nytta Nordfjella. Til føremon for Skarvheimen talar at det dekkjer betre området det gjeld, og at det også typologisk samsvarar med visse andre "turistnamn" i fjellområda som Jotunheimen og Trollheimen.

Vår konklusjon vil vera at båe namna må kunna nyttast av det offentlege, og at det er vanskeleg å gje prioritet til det eine eller det andre så lenge det er tale om to nye namn. Her vil den framtidige bruken vera avgjerande for om det eine av dei to namna vil kunna verta dominerande. Men ein må kunna godta at to ulike namn er knytte til same lokalitet.

BAKKEBØ OG SLETTEBØ

Konkurranse mellom nye og gamle stedsnavn

Det finnes mange eksempler på at gamle stedsnavn er blitt skjøvet bort på grunn av at det er anlagt eller bygget et eller annet nytt på stedet.

Det finnes flere slike eksempler også her i Egersund. Ett av de mest typiske og aktuelle eksempler er institusjonen Bakkebø, som ble anlagt på gården Slettebø i Eigersund i slutten av 1940-årene. Under okkupasjonen hadde den tyske vernemakt bygget en stor militærleir tett opp til og delvis inne på innmarka av gården Slettebø. Tyskerne kalte sin leir for Lager Slettebø, en navngiving som ikke ble til noen skade for de gamle navnene i området.

Da Norges Røde kors overtok området i 1948 og skulle anlegge en heim for psykisk utviklingshemmede, var navnet Slettebø ikke lenger brukbart. Det ble først foreslått å kalle institusjonen for Bakkebo, for å følge navneskikken som tidligere hadde vært brukt for slike heimer. Imidlertid ble denne navneform ikke godkjent av offentlige myndigheter, og navnet ble derfor endret til BAKKEBØ, som etterhvert gled inn som en betegnelse også for det store området som denne institusjonen fikk herredømme over.

Da HVPU-reformen ble gjennomført, gikk dette også ut over institusjonen Bakkebø. Her hadde det gjennom mer enn 40 år vært opp til 300-400 beboere og et tilsvarende antall ansatte, som alle ser tilbake med glede og takknemlighet på alle de positive ting som denne institusjonen stod for.

Men veien tilbake synte seg snart å være fullstendig stengt. Fra 1. januar 1992 ble Bakkebø nedlagt som selvstendig enhet, og området overtatt av Eigersund kommune. De fleste av klientene er etterhvert flyttet ut, og kommunen har tatt området i bruk til stort sett annen virksomhet.

Bakkebø hadde, og har, mange venner som opp gjennom årene har gitt store bidrag til institusjonen, bl.a. ble det i 1960 innvidd en stor og vakker kirke der, tegnet av arkitekt Arnstein Arneberg. Denne fikk naturligvis da navnet Bakkebø kirke.

Etter at området og kirken var overtatt av kommunen, ble kirken foreslått tatt i bruk som bydelskirke og for konsertvirksomhet. Helt fram til 2. verdenskrig var Slettebø egen skolekrets, som omfattet så å si hele det området som idag er aktuelt som område for Bakkebø bydelskirke. Fortsatt brukes det gamle Slettebø skolehus som forsamlingshus for kretsen, under sitt gamle navn.

Slettebø omfattet fra gammel tid et stort område, og gården var den tredje største i tidligere Eigersund kommune. Den var i eldre tid også mye brukt som tingsted, og i siste halvdel av forrige århundre også som "skrivargard" for Sorenskriveren i Jæren og Dalane.

Etter at institusjonen Bakkebø var lagt ned, foreslo undertegnede i brev av 1. oktober 1992 til Eigersund kommune at en burde bruke navnet Slettebø som navn på kirken og bydelen den skulle betjene. Dette brevet kom det aldri noen reaksjon på fra kommunen.

Seinere har jeg, i brev av 20. august 1996 og 31. januar 1997, tatt opp igjen spørsmålet om navnet på Bakkebø kirke med Egersund Menighetsråd. Dette har resultert i at spørsmålet ble lagt fram til avstemming på menighetens årsmøte 16. mars 1997. Som ventet ble det et overveldende flertall for å beholde navnet Bakkebø kirke, og saken er visstnok dermed avgjort.

Mitt engasjement i denne sak er først og fremst navnehistorisk, men også rent praktisk. Bakkebø (nå Eigersund kommune) driver fortsatt et ganske betydelig gårdsbruk, som består av innkjøpte eller leide deler av jorda på Slettebø. Bakkebøs fjøs ligger midt i det opprinnelige tunet på Slettebø. Alt dette betegnes fortsatt idag som Bakkebø gård. Om idrettsbanen og svømmehallen, som i sin tid ble anlagt her, brukes fortsatt betegnelsen Bakkebø. Bussholdeplassen med venteskur, som er felles for Bakkebø-området, Dalane Folkemuseum m.fl. har fortsatt navnet Bakkebø i smijern på veggen.

Hovedtunet på Dalane Folkemuseum, som undertegnede er bestyrer av, er en del av det opprinnelige tunet på Slettebø, med sine bygninger fra 1850-årene. Museet er idag omgitt av Bakkebø-bygninger og -jorder på alle sider, men er selvsagt selv ikke en del av Bakkebø. Fra 1. januar 1998 overtar museet det tidligere administrasjonsbygget på Bakkebø, som da vil få adresse Slettebø.

På grunn av mitt mangeårige arbeide på museet, har jeg flere ganger fått spørsmål om hvordan det går på Bakkebø, noe jeg selvsagt ikke har kunnet svare på, da museet er en selvstendig institusjon beliggende på gården Slettebø.

Det er naturlig at alle de som har hatt sitt arbeide på institusjonen Bakkebø, og deres familie, har en stor tilhørighet til stedet. Men institusjonen kan ikke gjenskapes og kan heller ikke bestå bare ved hjelp av navnet.

Hensikten med dette innlegget er å sette søkelyset på et navneproblem.

Det burde være en selvfølge at lov om stadnamn og Statens navnekonsulenter også kunne brukes i en sammenheng som denne. Det er vel så viktig å bevare gamle tradisjonsrike navn som det er å skrive dem på en språkhistorisk riktig måte.

Arvid Midbrød
Egersund

KLAGENEMNDA FOR STADNAMNSAKER

Nedanfor følgjer eit oversyn over dei sakene som klagenemnda har behandla ferdig i perioden 7.3.-25.10.96.

Nr	**Påklaga namneform** **Kommune** **Fylke** **Namneobjekt** **Vedtaksorgan**	**Klagar og klagars ønske**	**Vedtak i nemnda**
1	Gjellstein Vestnes Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Kommunen: Gjelstein	Gjellstein
2	Øvstedalen Vestnes Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Øvstedal grunneigarlag: Øvstedal	Øvstedalen
3	Fuglsøya Surnadal Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Fugelsøy el Fugelsøya	Fuglsøya
4	Handkleppan Bø Nordland bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Handklepp	Handkleppan

5	Bossnes Inderøy Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Bosnes	Bossnes
6	Raudfloa Inderøy Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Røflo	Raudfloa
7	Litl-Flora Stjørdal Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Lilleflor	Litl-Flora
8	Litlflorhaugen Stjørdal Nord-Trøndelag bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Lilleflorhaug	Litlflorhaugen

9	Litlskarven Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Litjskarven	Litjskarven
10	Latøyan Selbu Sør-Trøndelag naturnamn Statens kartverk	Kommunen: Latøyene	Latøyene
11	Prestfossan Selbu Sør-Trøndelag seternamn Statens kartverk	Kommunen: Prestfossene	Prestfossene
12	Rjåneset Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn og namn på ferjestad Statens kartverk for bruksnamnet Statens vegvesen for namnet på ferjestaden	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Rjånes	Rjåneset i begge funksjonane
13	Grøvika Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Grøvik	Grøvika

14	Halsane Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Halse	Halse
15	Sandvika Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Sandvik	Sandvika
16	Lianeset Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Lianes	Lianeset
17	Brekka Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Brekke	Brekke
18	Fyldalen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Fyldal	Fyldalen
19	Langstøylen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Langstøyl	Langstøylen

20	Årsætra Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Årsæter	Årsætra
21	Kolåsen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Kolås	Kolåsen
22	Hovdenakken Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Hovdenakk	Hovdenakken
23	Bjørdalen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Bjørdal	Bjørdalen
24	Krøvelen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd: Litje Krøvel Ørsta Sogelag: Litle Krøvel	Krøvelen

25	Krøvelen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Store Krøvel	Krøvelen
26	Sporstøylen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Sporstøyl	Sporstøylen
27	Brudavollen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Brudevoll	Brudavollen
28	Selbervika Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Selbervik	Selbervika
29	Mid-Rystene Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd: Midt Ryste Ørsta Sogelag: Midtryste	Midt-Rystene

30	Ytre-Rystene Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Ytre Ryste	Ytre-Rystene
31	Sandvik-Rystene Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar og Ørsta bygdeboknemnd: Sandvik Ryste Ørsta Sogelag: Sandvikryste	Sandvik-Rystene
32	Store-Rystene Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar, Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Store Ryste	Store-Rystene
33	Bjørdalsbakken Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd: Bjørdalsbakke	Bjørdalsbakken
34	Hammaren Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd: Hamar	Hamaren
35	Ytre-Åm Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Ytre Åm	Ytre-Åm
36	Indre-Åm Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Indre Åm	Indre-Åm

37	Indre-Hovden Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Indre Hovden	Indre-Hovden
38	Ytre-Hovden Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Ytre Hovden	Ytre-Hovden
39	Indre-Steinnes Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Indre Steinnes	Indre-Steinnes
40	Ytre-Steinnes Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Ytre Steinnes	Ytre-Steinnes
41	Nørdre-Vartdal Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar (bnr. 5): Nøre Vartdal	Nørdre-Vartdal
42	Oppsalane Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar, Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Oppsal	Oppsal

43	Brungota Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar, Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Brungot	Brungota
44	Åmbøen Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane, Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Åmbø	Åmbøen
45	Nosa Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar (bnr. 1): Nossen Ørsta bygdeboknemnd og Ørsta Sogelag: Nosen	Nosa
46	Øvane Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane: Øye	Øye
47	Norang Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	6 grunneigarar: Nordang	Norang

48	Skor Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar: Skår	Skår
49	Moane Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar (bnr. 2): Mo	Mo
50	Rekedal Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane: Rekkedal	Rekkedal
51	Eidet Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigarane: Eide	Eidet
52	Villane Ørsta Møre og Romsdal bruksnamn Statens kartverk	Grunneigar (bnr. 1): Ville	Ville

Terje Larsen

UNDERSØKING AV OFFISIELLE GATENAMN OG VEGNAMN I MØRE OG ROMSDAL

Eg er så vidt komen i gang med førearbeidet til ei undersøking av offisielle gatenamn og vegnamn i Møre og Romsdal. Som kjent vart innsamlingsprosjektet i Møre og Romsdal formelt avslutta i 1995 og hadde då vore i gang i heile ti år. Til saman vart det samla inn, registrert, arkivert og dataført om lag 200 000 stadnamn av alle slag og utan å skilje mellom smånamn og stornamn. Resultatet vart publisert som ein større prosjektrapport i 1995 med tittelen *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og formidling.*

Den undersøkinga av gatenamn og vegnamn i Møre og Romsdal som eg har planar om å gjennomføre, er den første analysen som er gjord av ei utvald namnegruppe av det innsamla tilfanget.

Som offisielle vegnamn og gatenamn reknar eg alle som er i offentleg bruk, jamvel om det ikkje er gjort namnevedtak om kvart einskilt namn. Det gjeld først og fremst vegnamn og gatenamn namn på kommunale, fylkeskommunale og statlege vegar medrekna namn på bruer og tunnelar. Andre typar er ikkje tekne med.

Ved sida av ein reint namnefagleg analyse er eit av føremåla med dette arbeidet å prøve ut lokalitetskodinga på eit utvalt tilfang. Analysetilfanget er avgrensa til gatenamna i dei tre byane i fylket, Ålesund, Molde og Kristiansund, tettstaden Volda og bygdekommunen Rindalen.

Hovudspørsmålet vil vere om det finst noko gjennomgåande prinsipp for val av gatenamn og vegnamn i desse fem kommunane, først og fremst om namna er valde for å tene eit reint praktisk kommunikasjonsformål eller om dei er valde for å vere kulturminne, dvs. identitetsskapande miljøsymbol, eller om namnevala er heilt tilfeldige. Eit anna spørsmål er om det finst noko prinsipielt skilje mellom veg- og gatenamna i dei tre byane i fylket, mellom dei tre byane og tettstader Volda, og mellom tettstaden Volda og ein typisk bygdekommune utan ein stor og aktiv tettstad som Rindal kommune. Eit tredje spørsmål gjeld opphavet til namna. Er dei nylaga for dette formålet, dvs. er dei primærnamn, eller er det tradisjonelle namn som er brukte i ein ny funksjon, eller sekundærnamn der utmerkingsleddet (førsteleddet) er eit tradisjonelt stadnamn på ein stad i nærleiken? Eit sentralt punkt her er å finne ut kva for hovudledd (etterledd) som er nytta, m.a. om hovudledd som tyder 'veg' eller 'gate' er gjennomgåande, om "ulogiske" hovudledd er nytta, eller om mange av dei ikkje har noko hovudledd. Eit fjerde spørsmål er om desse namna, eller somme av dei, i det heile kan seiast å ha ein skildrande funksjon i tillegg til den reint utpeikande adressefunksjonen. Sidan Møre og Romsdal omfattar tre ulike dialektområde og dessutan er språkpolitisk delt, vil det også vere interessant å finne ut kva for skrivemåte som er vald i dei tre "bokmålsbyane" i høve til "nynorskkommunen" Volda og "nøytralkommunen" Rindal på grensa til Sør-Trøndelag, særleg om ein dialektnær skrivemåte står sterkt.

Den språklege analysen vil ha ei viss sosiologisk tilnærming, men er elles basert på tradisjonell strukturalistisk teori.

Om desse planane kan bli realiserte, vil tida vise.

PH

ESTLAND HAR FÅTT LOV OM STADNAMN

Den 11. desember 1996 vedtok den estiske nasjonalforsamlinga ei lov om stadnamn. Peeter Päll, som har hatt det namnefaglege hovudansvaret for lovteksten, har nemnt overfor *Nytt om namn* at han har hatt den norske lov om stadnamn som eit viktig grunnlag. Lova er delt i fem kapittel, og eg tek med hovudpunkta etter den engelske versjonen av lova, her gjevne att i norsk språkform:

1. *Generelle tilhøve*
Lova omfattar namn på menneskeskapte og naturgjevne objekt. Vedtak om namn kan gjelda nye namn, endring av eit offisielt namn eller avskaffing av eit offisielt namn. Eit stadnamn som er vedteke etter denne lova eller etter andre lover, er offisielt. Lokalitetar som skal få fastsett namn etter lova, er a) administrative einingar, b) byar og sokner, c) bustadområde, d) gater og andre adresseeiningar, e) grunneigedomar, f) naturlokalitetar og minnesmerke som er med i offentlege register, g) stoppestader og andre kommunikasjonsanlegg.

2. *Fastsetjing av stadnamn*
Regjeringa fastset namn på administrative einingar. Namn på bustadområde skal fastsetjast etter forskrifter gjevne av regjeringa. Namn på sokner, bydistrikt, registrerte grunneigedomar skal fastsetjast etter forskrifter gjevne av kommunestyra. Samferdselsministeren godkjenner namn på stoppestader og andre kommunikasjonsanlegg, miljøvernministeren godkjenner namn på naturlokalitetar som finst i grunneigedomsregisteret, kulturministeren namn på natur- og kulturminnesmerke. Namn som vert fastsette av eit departement, skal gå til høyring i kommunen og i Stadnamnrådet. Før det vert gjort vedtak om namn på grunneigedomar, skal eigaren høyrast.

Det skal opprettast eit stadnamnråd på 11-15 medlemmer som skal sortera under Innanriksdepartementet. Formannen og medlemmene i rådet vert oppnemnde av regjeringa for fem år om gongen. Stadnamnrådet skal gje råd til departementet og til vedtaksorgana og elles delta aktivt i arbeidet med gjennomføra reglane i lova, m.a. ved å betra dokumentasjon og gje ut og retta offisielle namnelister. Stadnamnrådet har rett til fullt innsyn i alle offentlege stadnamnsaker.

Vidare seier lova at det skal opprettast eit stadnamnkontor med fagleg ekspertise som kan gje vitskaplege fråsegner i stadnamnspørsmål. Innanriksministeren er ansvarleg for at eit slikt kontor kjem i stand.

Eit stadnamn kan endrast eller takast bort i offentleg bruk dersom det fører til samanblanding eller vik sterkt av frå det namnet som er i bruk, eller er i strid med skrivereglane, eller ein vil ha attende eit historisk namn.

Stadnamn som det skal gjerast vedtak om, skal kunngjerast minst 1 mnd. før vedtaket. Fastsette namn skal kunngjerast på høveleg stad, og det skal gjevast melding om vedtaka til Stadnamnregisteret og til Stadnamnrådet.

Klagesaker skal handsamast av vedtaksorganet, men fyrst skal Stadnamnrådet ta stilling til klagesaka.

3. *Krav til normeringa*

Det estiske språket skal leggjast til grunn for skrivemåten av estiske stadnamn. Regjeringa avgjer om eit namn språkleg skal oppfattast som estisk. Historisk og kulturelt motiverte stadnamn kan likevel ha ei anna språkform. Ein skal ta utgangspunkt i tilstanden 27. september 1939. Også i internasjonal bruk skal estiske namneformer nyttast, med unntak av landsnamnet.

Stadnamna skal skrivast i det estisk-romanske alfabetet. I andre alfabet skal ein skriva namna i samsvar med gjeldande transskripsjonsreglar. Skrivemåten kan likevel reflektera dialektuttalen. Grunnforma av eit namn skal skrivast likt i alle namn.

Ein lokalitet har som hovudregel berre eitt namn. Men eit alternativt namn kan nyttast når det er tale om å ta vare på historisk og kulturelt viktige namn.

Når det skal fastsetjast eit namn i offisiell bruk, skal ein velja namn som har lang tradisjon på staden. Ein skal leggja vekt på historiske og kulturelle verdiar i namnevalet. Elles skal ein leggja vekt på at namnet er allment kjent, at det er lett å setja i samband med namneobjektet, at det har nasjonale tyding. Personnamn må ikkje nyttast på ein lokalitet medan personen er i live. Ein skal ikkje nytta nummer eller andre ikkje-bokstavteikn i skrivemåten av namn. Ein skal unngå nedsetjande namn eller namn som strir mot historia til området.

4. *Bruk av stadnamn*

Offisielle stadnamn skal lagrast i det Nasjonalt stadnamnregister, oppretta av regjeringa. Til grunn for registeret ligg den nasjonale stadnamndatabasen. Kommunestyra skal vedlikehalda opplysningane i databasen. Bruken av opplysningane i basen er gratis.

Adressa til ein grunneigedom skal innehalda namnet på adresseeininga, namnet på bustadområdet, namnet på fylke og kommune, pluss landsnamnet med tanke på internasjonal bruk. På offentlege kart, skilt og i andre skrivne samanhengar skal den offisielle skrivemåten nyttast. Dersom eit selskap, ein institusjon eller organisasjon nyttar eit offisielt stadnamn, skal det skrivast i samsvar med den fastsette skrivemåten. Kommunestyra har likevel høve til å gje dispensasjon frå dette. Elles er det høve til å nytta ikkje-offisielle stadnamn der lova ikkje seier noko anna. Dersom eit ikkje-offisielt stadnamn skal nyttast på eit kart, må Stadnamnrådet uttala seg på førehand.

5. *Sluttmerknader*
I samband med at lov om stadnamn vart vedteken, vart det innført eit tillegg i den administrative straffelova. Her heiter det at brot på lova fører til ei bot som svarar til lønsinntekta for 50 dagar.

Namn som er nytta offentleg, og som ikkje er i samsvar med stadnamnlova, må rettast opp før dei går inn i Nasjonalt stadnamnregister. Fylkesmennene skal føra tilsyn med at lova vert fylgd opp i kommunane. Elles skal regjeringa syta for tilsyn med lova.

Ved gjennomføringa av lova vert tidlegare forskrifter om stadnamn oppheva.

BH

ARTIKLAR OM NAMN

ØYNAMN I RYFYLKE

Frå Kjell Birkevold, Sjøkartverket (Statens kartverk) i Stavanger har vi fått dette manuset av Per Hovda frå 1990. Det var meininga å trykkje det i Norges Sjøatlas, som hadde bestilt artikkelen, men av plassomsyn vart det ikkje teke med. Birkevold har derfor stilt det til rådvelde for *Nytt om namn.* Han skriv om Per Hovda:

"Her i Sjøkartverket sitter vi igjen med mange gode minner om en fargerik og sterk personlighet. Han satte sitt preg på utarbeidelsen av sjøkart i en mannsalder. Jeg fikk dessuten gleden av å ha litt med ham å gjøre utenom jobb. Du kom alltid beriket ut fra et møte med Per Hovda."

Hovda skriv sjølv i følgjeskrivet til Birkevold om artikkelen: "Eg trur det er den første samla oversyna til no. Det finst også sumt nytt." Dette var skrive på eit tidspunkt da Hovda ifølgje same brevet (datert 12.6.1990) "er på farten landet rundt – for eldresaka, veit du. Heldigvis går det godt framover med organisasjonen eg er i ferd med å byggja opp. [...] Eg kjem til å stå på så lenge helsa held. Ein veit jo aldri." [Red.]

Ryfylke er særmerkt på fleire måtar. Det er det einaste landskapsnamnet som ber *-fylke* i namnet. Det gamle namnet på heile det rygske distriktet var *Rogaland* med ein opphavleg regelrett gent. *-roga* til folkenamnet *rygir* (truleg "rugetarane"). I vikingtida vart denne gamle gent. utskifta med ei nyare form *-rygja.* Det gamle namnet var ute av bruk til det vart teke opp til fylkesnamn 1919. I mellomalderen gleid *Ryfylke* over til å vera namn på nordre helfta av fylket, som det er i dag.

Ikkje noko distrikt i landet har så skiftande natur: smilande sund mellom grøderike øyar med vakre bjørkelier og stor tung fureskog der sauene ikkje held jordbotnen fri for all skog. Vakre sund med gode hamner og 13-14 fjordarmar med stupbratte fjellsider som Jøsenfjorden og Lysefjorden som dei "villaste".

Dette merkelege og vide fjordbassenget innanfor Boknafjorden inneheld den største samling av utgamle øynamn i vårt land, opptil eit trettital. Mange av desse øynamna inneheld tildels utdøydd og ukjent ordtilfang, medan andre inneheld utgamle avleiingsendingar som fører dei tilbake til tida før Kr.f.

Boknafjorden ligg open og verhard, og dei sterke straumtilhøva aukar vanskane. Verre hadde det vore om ikkje *Karmøy* hadde lege og skjerma mot havet. I gno. var namnet *Kǫrmt*, gent. *Karmtar* (som me har i nemninga "Kartalandet"), og det er ei utgamal dentalavleiing til *karm* m., dvs. "øya som ligg lik ein karm og skjermar mot havet". Noko livd gjev også *Kvitsøyane*. Eldre kvitsøybuar brukar enno å nemna øya med kyrkjeruinane og steinkrossen for "Aust-i-øynå eller Kross-øynå". Øygruppa fekk namn etter øya der krossen og kyrkja stod, som t.d. Sjernarøy. Det er kvite kvartsgangar som ligg til grunn for namnet. Det gamle namnet på Sølyst ved Stavanger var også *Kvitsøy*. Dei som er kjende, veit om *Kvitavika* på austsida med kvite gangar i berget. Villaen Sømme-familien bygde på Kvitsøy i førre hdr., kalla dei "Sølyst", og det tevla ut det gamle namnet.

Kvitsøyane heitte i gamle kongesoger og andre tidlege kjelder *Aumar* (fleirtal) som nemning på øyane. Stutt sagt har det samband med gno. *aumr* adj. (jfr. adj. *øm*), opphavleg "vernande, hjelpande", jfr. m.a. *ømhjerta* "visa godhug og hjelp". Namnet *Aumar* skulle då tyda "øyane som gjev hjelp, vern – trygg hamn". Der er uvanleg god hamn.

Eime har tidlegare vore tenkt å vera det gamle *Aumar*. Det er ein ubygd stor holme nordaust for øyane. Namnet har samband med *eim* m. "damp, røyk", *im* m. "rok, støv". Det er sjødrivet rundt den vesle øya som ligg til grunn for namnet.

Heile 7 øyar har utgamal *-n*-avleiing: *Bokn* (2 stk.), *Ogn, Sokn, Fogn, Halsne* og *Sjernarøy*. Me kan elles nemna at alle gamle øynamn er hokynsnamn.

Øya *Bokn*, gno. *Bókn*, er 293 m. høg og er eit urgamalt lei- og fiskemédmerke. Gamle hollandske kart nemnde øya for *Buck van See*. Ho har høgaste fjellet i ytre Ryfylke. Same namnet er også knytt til den høge øya *Bokn* i Finnøy hd. Namnet kan stillast saman med gamalt germansk ordtilfang som m.a. **baukna* n. "teikn, merke, méd", som høver godt til namnet.

Nord for Bokn ligg øya *Ogn*, gno. *Ǫgn*. Namnet høyrer saman med gno. *ógn* f. "skrekk, redsle" og vb. *ǫ́gja* "skræma". Det er sterk straum m.a. i Ognasundet. Det har samband med elvenamnet *Ogna* (opphavleg *Ǫgn*) på Jæren.

Den låge vêrharde *Sokn*, gno. *Sókn*, med det kjende *Sóknarsund*, er nemnt i sagaen. Det er strid straum ved øya. Namnet er laga til vb. *søkja*, og viser til at øya er utsett for vind og straum.

Lenger inne ligg *Fogn* med den avskorne halvøya *Fjelberg*. Øynamnet heng saman med vb. *fjuka* og *fok* n. og tyder venteleg "vêrhard øy". Jfr. øya *Fjelberg* inntil Fogn "namnet også knytt til ei stor øy i Sunnhordalnd), i gno. *Fjǫlbyrja*, der første leden er adj. *fjǫl* "mangslag" og siste leden høyrer saman med gno. *byrr* m. "siglevind, bør". Namnet tyder då "øya med mangslags bør", det er vêrhardt der.

Halsne i Fisterøyane (Halsnøy) er ei gamal *n*-avleiing til *hals*. Øya har ein markant hals. Same namnet m.a. i "Halsnøy-kloster" i Sunnhordland.

Eit av dei merkelegaste øynamna i Ryfylke er knytt til *Sjernarøyane*. *Kyrkøyna* heitte i gno. *Sjǫrn*. Då det vart reist kyrkje på øya, gleid det gamle namnet over til å bli knytt til alle øyane i Sjarnarøyar-sokn. På kvar side av grinda i steingjerdet rundt kyrkjegarden og kyrkja står det ein "heilag kvit fallosstein". Dei er frå den utgamle fruktbarhetskulten som vart driven på øya, og som var grunn til at kyrkja vart bygd på denne "heilage" staden. Den einaste tolking som høver språkleg og reelt, er å stilla dette kultnamnet saman med **ser-* som me m.a. har i gno. vb. *serða* "ha lekamleg omgang". I urnordisk **Ser-nō* > *Sjǫrn* med tydinga "øya der dei har drive fruktbarhetskult". Slik fruktbarhetskult er velkjend frå Norden i gamle skriftlege kjelder ei tid etter Kr.f.

Når me fyrst er inne på gamal kult, kan me også nemna dei to *Helgøyane* i Ryfylke, ei i Sjernarøyane og ei i Fister. Den første er nemnt *i Helghiæy(ne)* 1361 og er fulla samansett med gno. *helgi* "heilagdom". Det same gjeld vonleg den andre også.

Anten ein ser øya *Bru* frå sjøen eller fastlandet ute ved Byfjorden, ser ein den markante kanten mot himmelsyna. Namnet er ei avleiing til **brū-* som me har i *brun* f. "kant", jfr. *augnebrun*. Same namnet finst også i Sunnfjord (no jamnast kalla Svanøy, etter danskebispen Svane).

Der er to øyar *Hidle*, ei i Sjernarøy og ei i Strand. Dei har båe to ein markant avsats, der gardane ligg, og namnet høyrer saman med gno. *hilla* f. "hylle, avsats, fjellhylle".

Fjøløy i Rennesøy har namn etter dei klåre fjellstripene ut mot sjøen. Dei inneheld ljos granitt og mørk skifer, til gno. *fjǫl* f. fjøl.

Foldøy sør for Jelsalandet er låg og flat og veldyrka. Truleg kan det beinveges høyra saman med gno. *fold* f. "slette, flate". Samband med tilhøva på staden har også *Idse* og *Idsal* i Strand. *Idse* er ei gamal s-avleiing til gno. *eið* n., der eidet truleg er det grunne Idsedundet mellom Idse og Idsal. Idsal synest vera vakse fram frå gno. *Eiðsu-halfa*, som då merkte denne øya ut som høyrande til Idse.

Det er to øyar *Talgje* i Ryfylke. Den største mellom Rennesøy og Fogn er nemnt *í Gauta-Tǫlgu* i mellomalderen etter lendmann Gaute Erlingsson. Ætta selde eigedomen til riksråd og høvedsmann på Bergenshus Olav Nilsson i

1451. Han vart seinare hoggen ned i Nonneklosteret i Bergen. Tidlegare granskarar tenkte seg at *Talga*, gent. *Tǫlgu*, var namngjeven etter skapen (skulle likna på ein øksreidskap i kartet!) og sette namnet til vb. *telgja* "skjera, hogga", jfr. *tǫlgu-øx*. Skapen har nok ingenting med namnet å gjera. Dei hadde ikkje kart då dei namngav øya. Den tid dei bygde kyrkja på øya var det ein del *tǫlgu-grjót*, *tǫlgu-steinn* "veikstein, telgjegrjot, kleberstein" på NVsida. Kyrkja er ei av dei aller eldste i landet. På Talgje i Sjernarøy sokn er det eit utgamalt steinbrot. Venteleg er det fleire av dei kring 20 "heilage" fallossteinane i Ryfylke som er hogde av materiale derifrå. Namnet høyrer saman med vb. *telgja*.

Randøy i Hjelmeland er særmerkt med sin noko høge rygg som endar i bratt kant mot himmelsyna. Granskarane mistydde fleirtalsforma *a Rondom* frå mellomalderen og meinte at øya hadde hatt fleirtalsforma *Randir*, til rǫnd f. Fleirtalsforma viser til gardane *Randa* på flaten under fjellet. Øya har i gno. vore eintal *Rǫnd* gent. *Randar* som *Randøy*, med *Randesund* aust for Kristiansand.

Det bratte fjellet på den vesle busette øya Heng i Strand er opphav til namnet, som kan stillast saman med vb. hanga. Namnet er ei gamal dental-avleiing frå eit *hangiðð > gno. Hengð. – Øynamnet Moster i Rennesøy og i Sunnhordland har tidlegare vore sett saman med gno. *mo(n)str* f. "Høgd" der det høge leifjellet Siggjo på Bømlo skulle vera "høgda" (for namnet i Sunn-hordland). Dette høver ikkje reelt. Fjellet ligg ikkje på Moster. Førebels er det best å seia at namnet er dunkelt og tydinga uviss.

Hundvåg i Stavanger og *Hundvåko* i Midt-Hordaland er same namnet. Hundvåg i Stavanger er skrive *i Hundvoku* i 1300. Det er stilt saman med m.a. gno. *hund-margir* "svært mange" og *vak* n. "fiskestim i vassyta" og skulle då kunna tyda "Øya med mange fiskevak".

For øyane *Ombo*, *Uskjo*, *Rennesøy* og *Finnøy* har det til dessar vore uråd å finna berande tolking.

Denne rike samlinga av utgamle øynamn i Ryfylke kan ein sjå i samband med dei særmerkte utolka gamle gardsnamna på Nord-Jæren: Tasta, Madla, Goa, Sola o.fl. Me vil helst tru at mange av desse utgamle namna går tilbake til fjerne tider attanfor Kr.f. Granskaren Magnus Olsen skriv m.a. "Der er intet i veien for at adskillige av våre stedsnavn av det eldre sprogpreg kan gå tilbake endog til yngre stenalder." Men framom alt vitnar dei om ei rik ferdsle. God tur.

Per Hovda †

HAUG, HAUGEN, HAUGAN, HAUGE OG 63.000 ANDRE ETTERNAMN

kjem med i det planlagde leksikonet over etternamn i USA, *Dictionary of American Family Names*, som skal gjevast ut i tre band av Oxford University

Press. Sidan 1995 har eg vore konsulent for råmanuskriptet over skandinaviske namn, dvs. norske, danske og svenske, utarbeidd i Oxford. Truleg kan dette leksikonet ha ei viss interesse også for lesarar av *Nytt om namn*, difor denne stutte orienteringa.

Prosjektet er svære greier, noko anna er heller ikkje å venta i eit land der alt er "størst og best". Om lag 80% av alle amerikanarar vil finna namnet sitt forklart, og det er slett ikkje verst for eit land med 260 mill. innbyggjarar. Så kan ein lura på korleis utgjevarane har fått tak i desse 63.000 namna i eit land der personvernet er heilag og absolutt på alle omkverve. Løysinga er like enkel som ho er genial. Dei har kjøpt lister over alle telefontingarar i USA, dvs. 72 mill. hushald. Desse listene inneheld 1.5 mill. ulike namneformer, og dei namna som representerer minst 100 hushald, er omtala i leksikonet. Dersom me set eit gjennomsnittleg tal personar i kvart hushald til tre, skulle grensa verta om lag 300 namneberarar for kvart namneoppslag.

Det som slår ein i dette veldige manuskriptet, berre manuskriptet til bokstaven R er på heile 321 sider frå *Raabe* (tysk) til *Rzepka* (polsk), er kor mange etternamn av norsk opphav ein støyter på. Dersom ein blar under bokstaven *V*, vil ein fort møta *Valen* (113), *Valla* (201) og *Valle* (2277), *Vang* (1171), *Varland* (113), *Vea* (115), *Velten* (195); og under *W* t.d. *Wangen* (258), *Wangsness* (114), *Watland* (143), *Watne* (131). I eit leksikon med dette omfanget er det sjølvsagt uråd å gå direkte til kjeldene i kvart einskilt tilfelle, det vere seg kontakt med namneberarar eller oppslag i ættebøker. I dei fleste tilfella er det norske opphavet tydeleg, t.d. *Wangsness* frå Vangsnes i Sogn og *Watland* av *Vatland* om lag 10 stader på Sørvestlandet og Agder. I andre tilfelle er opphavet ikkje så opplagt, t.d. *Valle* som har så høg frekvens (2277) at anna opphav er tydeleg. Dersom etternamn av typen *Valle* er rimeleg vanlege i Noreg, 805 berarar i dette tilfelle (Statistikkheftet *Norske etternamn* 1995), kan ein ha gode grunnar for å klassifisera det også som norsk, i tillegg til anna opphav som

> French *(Vallé)*, Italian, Portugese, and Spanish: topographic name for someone who lived in a valley, from Latin *vallis*.

Heilt sikker kan ein likevel ikkje vera på at det gøymer seg norske *Valle* mellom dei 2277 hushalda, men det kan vel seiast å vera nokså lite truleg at absolutt ingen utvandra *Valle* ville ha halde på den norske forma og dermed finnast mellom dei.

Namn som heilt tydeleg er av norsk opphav, har i dei aller fleste tilfelle så vidt karra seg over inntaksgrensa på 100 hushald, sjå t.d. *Wangsnes* med 114 og *Vea* med 115 som typiske døme.

Det er glidande klassifiseringsovergangar til namn som ein har berre ein liten mistanke om kan vera av norsk opphav. I slike tilfelle må ein ta i bruk eit skjønn som rett nok stadig har vorte betre etter gjennomlesinga av tusenvis av sider. Namnet *Hjelle* (114) ser unekteleg norsk ut, og både den låge frekvensen

i USA (114) og den høge i Noreg (1280) stør den oppfatninga. Men kva med *Yelle* (295)? Er det engelsk form av *Hjelle?* Eller berre

> Anglicized form of the German surname *Jelle,* from a short form of a personal name beginning with the element *geld* 'to be worth', for example *Gelderich* or *Geldolf.*

I slike tilfelle må ein rådspørja engelsktalande om *Yelle* er ei naturleg engelsk form av *Hjelle,* og dersom svaret er ja, som i dette tilfellet, kan det vera gode grunnar for å klassifisera *Yelle* slik

> 2. Norwegian: anglicized form of **Hjelle**

Forklaringa ovanfor ("Anglicized ...") får dermed oppslag nummer 1.

Verre blir det med *Yellen* (275), for noko *Hjellen* finst ikkje som oppslag, og frekvensen av *Hjellen* i Noreg er berre 70. Opphavet til namnet er uvisst også dersom det er reint engelskspråkleg:

> **Yellin** (374), **Yellen** (275)
> Perhaps altered spelling of the English name *Yelling,* from a place in Cambridgeshire (formerly in Huntingdonshire), probably so named from the Old English personal name **Giella + ingas* 'people of'.

I dette namneoppslaget kan me leggja merke til to ting. For det første bruken av orda "perhaps" og "probably" som er nokså karakteristiske for artiklar i eit leksikon over etternamn, også i dette. Og for det andre omfanget av forklaringa. I motsetnad til einskilde tyske leksikon av typen Gottschald: *Deutsche Namenkunde,* som er så samantrengde og fulle av forkortingar at dei nærast er uleselege for andre enn spesialistar, kan medarbeidarane her verkeleg boltra seg med skikkelege forklaringar skrivne i ein vanleg resonnerande syntaks. Dette har sjølvsagt noko med økonomi å gjera. Den engelskspråklege marknaden er enorm samanlikna med andre språkområde.

Oppslaget under *Wangsness* kan sjå slik ut:

> **Wangsness** 114
> Norwegian: from farm name *Vangsnes* in Sogn, probably Old Norse *vangsni* 'plowshare' about a skerry or reef that resembles one. Last element *nes* 'headland, promontory'.

Me kan til slutt sjå på førekomsten i USA av det etternamnet som i dag ligg på 15. plass av alle norske etternamn med 14676 berarar (statistikk frå SSB 1997), nemleg *Haugen,* med berre *Berg* føre seg på lista av naturnamn (alle

dei 13 første er patronym). At same namnet ligg i toppen også i USA, er vel ikkje til å undrast over:

Haugen (3159), *Haug* (1710), *Haugan* (258), *Hauge* (1009), *Hauger* (519), *Hougen* (138), *Houge* (216), *Houg* (144), *Hough* (4876), *Hoag* (2396), *Hoage* (103).

Så kan ein vurdera dei to siste. Er dei "rimelege" skrivemåtar av tilsvarande norske etternamn?

Olav Veka
Brumunddal

NAMN PÅ STORMAR - *AGNAR, BERA, FRODE* OG *IDUN*

Etter mønster frå USA har vi nå fått namn på uver. I fyrstninga brukte dei berre kvinnenamn på uver i USA, ventelig fordi menn (det var jo dei som fortrinnsvis gav namn til stormane) kunne oppleve kvinner som "rasande". I likestillingas namn vart dette endra slik at det annan kvar gong vart kvinner og menn som raste.

I Noreg tok vi etter denne skikken hausten 1995. Meteorologisk institutt har, etter det eg har forstått, sett opp ei alfabetisk liste over namn som skal brukas på uver som kan tenkjas å valde stor skade. Storm nr. 1 begynte på *A* (*Agnar*), storm nr. 2 på *B* (*Bera*) osv. Fyrste storm ut var *Agnar* på Nordvestlandet i oktober 1995, men han viste seg å bli ein svak première. Dette uveret vart altså mye svakare enn Meteorologisk institutt hadde rekna med. Noko etterpåklok kunne ein derfor seia at det kanskje ville vera best å ta i bruk uversnamnet fyrst når det sikkert viser seg at det blir ein skikkelig storm - ikkje mens noko er i emning.

Stormen *Frode* gjorde mye ugagn i Nord-Noreg 12 oktober 1996. Her hadde namngjevarane kanskje assosiert til verbet *fråde* på bokmål, men for dei som kjenner til tydinga i *Frode* ('den kloke'), høver ikkje namnet særlig bra som stormnamn. På Island ville det trulig vori umulig. Også *Idunn* gjorde mye skade i Nord-Norge. Ho slo til i slutten av januar i år. Særlig Sør-Troms og nordlige delar av Nordland vart ramma.

Kanskje medlemmane av Norsk namnelag har framlegg til namn på stormar? Vi kan gjerne publisere framlegga her i bladet og deretter oversende dei til Meteorologisk institutt.

GA

MINNEORD

PER HOVDA 1908-1997

Per Hovda er gått bort 88 år gammal, og det vil nok lenge vere eit tomrom etter han. Som student ved Universitetet i Bergen i slutten av 50-åra og tilhøyrar til Per Thorson sine nøkterne forelesningar om "vestlandsprestane" på 1700-talet opplevde eg Per Hovda som eit forfriskande vårinnslag. Med si dramatiske og sjølvfremjande form la han så levande ut om norsk språk–historie at eg fekk eit sterkt inntrykk av det eigentleg var han – med litt hjelp frå Per Thorson – som hadde skrive *Norsk Målsoga* på grunnlag av nokre spreidde notat frå Gustav Indrebø.

Han demonstrerte også med å bøye seg ned bak kateteret og reise seg opp at fjellnamnet *Siggjo* i mi heimbygd måtte språkleg høyre saman med indoeuropeisk **sek^{w}-*, som vi m.a. har i gotisk *saihwan*, norr. *séa* vb. 'sjå'. Til *Sigg* f. (dat. *Siggju)* kan ein då setje opp eit germansk **Sig^{w}ió*. Tydinga måtte derfor bli 'den som er lett å sjå' for fiskarane på vestsida av Bømlo. Det var ein scene som er vanskeleg å gløyme.

Det forundrar meg derfor ikkje så mykje at det er desse to sidene ved Hovdas personlegdom som mediefolk har lagt mest vekt på i sine nekrologar, særleg oppstyret han laga kring auka løyvingar til eldreomsorga. Arbeidet hans som stadnamngranskar har såleis kome heilt i skuggen av hans retoriske evner med bruk av sterke bibelske allusjonar og uventa profesjonalitet i høve til moderne media.

Det er likevel påfallande at eg aldri i dei 30 åra eg kjende han, opplevde Hovda som særleg sosialt engasjert. Han var først og fremst ein hyggeleg kar, ein stor selskapsmann, festtalar og skrønemakar av dimensjonar – og svært sjølvsentrert. Men hans vedvarande truskap i praktisk handling mot kona si Margit like til ho døydde, kan stå som eit føredøme for oss alle. Eg trur der–for at hans sterke engasjement i eldreomsorga eigentleg hadde eit heilt person–leg utgangspunkt og ikkje eit solidarisk, men samfunnsengasjementet vart vel gradvis utvikla etter som tilstanden til kona forverra seg.

Etter mitt skjønn gjer vi Hovda ein stor urett ved å blande saman fest–talaren og skrønemakaren med stadnamninnsamlaren, stadnamngranskaren og stadnamnnormeraren. Her høver det best å seie eit par vurderande ord om innsamlaren, granskaren og normeraren.

Stadnamngranskinga i vid tyding i etterkrigstida fram til slutten av 1970-åra fell saman med den bolken Per Hovda var tilsett som styrar for Norsk Stadnamnarkiv (1942-1978), no Avdeling for namnegransking ved Universitetet i Oslo.

Per Hovda var født 17. oktober 1908 i Hjelmeland i Ryfylke. Han tok examen artium i Stavanger i 1929 og Krigsskulen året etter og vart deretter vernepliktig major. I 1938 vart han cand.philol. med norsk hovudfag med

hovudoppgåva "Stadnamn frå sjøen i Austre-Ryfylke". Så var han lektor ved Stavanger katedralskule fram til krigen braut ut i april 1940 og var med i dei norske styrkane til dei måtte gje opp for overmakta. I 1962 vart Hovda dr.philos. på avhandlinga *Norske fiskemed.*

Hovda vart tilsett som vitskapleg medarbeidar ved Norsk Stadnamnarkiv 1. juli 1940. Då Gustav Indrebø brått fall frå i 1942, vart Hovda styrar for arkivet heilt fram til 1978 (konstituert 1942–1946). Då stadnamnarkivet kom inn under Universitetet i Oslo frå 1978, vart styrarstillinga omgjord til dosentur, og Hovda fekk denne stillinga 1. august same året og hadde ho til han gjekk av for aldersgrensa i 1979/80. Dette var før dosentura automatisk vart omgjorde til professorat. I 1955–1956 var han gjestedosent i stadnamngransking og nordiske språk ved Göteborgs Universitet.

Hovda arbeidde i heile sin stadnamnkarriere med innsamling, vidare oppbygging av Norsk Stadnamnarkiv, gransking og skriftnormering, men mest med gransking av naturnamn og skriftnormering av offisielle stadnamn.

Når det gjeld innsamling, innebar arbeidet hans ei viss metodisk fornying. Med sin militære bakgrunn var han naturlegvis godt fortruleg med både landkart og sjøkart og posisisjonstilvising. I hans tid ved arkivet vart nøyaktig karttilvising til stader med tilhøyrande namn eit krav til hovudoppgåver og andre analysar av stadnamn. At målestokken på dei karta som vart brukte på den tida, var så liten som 1:50 000 var ein veikskap, men det overordna målet med å knyte stadnamna til bestemte namneobjekt med ein så nøyaktig kartreferanse som råd var eigentleg ny. Forgjengarane hans, Oluf Rygh, Magnus Olsen og Gustav Indrebø brukte nemleg først og fremst tilvising til gards- og bruksnummer.

Når det derimot gjeld visuell attgjeving av uttalen, heldt han fram, som forgjengarane hadde gjort, med bruken av grov fonetisk transkripsjon basert på Norvegia, og såg i praksis bort frå moderne språkvitskap, internasjonal lydskrift (IPA) og fonemteori. Så vidt eg veit, tok han heller ikkje opp lydopptak av uttalen av namna han samla inn og skreiv om.

I 1950-åra sette han i gang det såkalla bustadnamnprosjektet. I dei følgjande åra vart det samla inn og bygd opp eit register på om lag 100 000 bustadnamn. På same måten utgjer innsamlinga av médnamn langs heile norskekysten i samband med doktoravhandinga hans i 1961 om fiskeméd eit omfattande arbeid, men det er ikkje i dag eit samla register.

Tidlegare innsamla namn ved arkivet har Avdeling for namnegransking kopiert og plassert i ulike register. Det eldste og mest omfattande, heradsregisteret, vart skipa medan Hovda var arkivstyrar.

I sin kritiske artikkel, "Norsk stadnamnvitskap i dag og i morgon" peiker Nils Hallan (1975:703–716) på at Norsk Stadnamnarkiv heilt frå det vart skipa i 1921 til det runda 50 år i 1971, berre gav ut tre bøker: *Stadnamn frå Midt-Jotunheimen* (1960) ved Lars Ekre, *Norske fiskeméd* (1961) og *Norske elvenamn* (1996), begge ved Per Hovda. Hallan rosar arbeidet med innsamling og rådgjeving i namnesaker, men hevdar at dette ikkje er vitskap–

leg arbeid, eit synspunkt som er vanskeleg å dele fullt ut. Både rettleiing om val av namn, råd om skriftformer, rettleiing i innsamling og gjennomføring av innsamlingsarbeid må etter mi vurdering reknast som vitskapleg arbeid dersom det har ein vitskapleg basis. Sett i eit slikt perspektiv er Hallans negative vurderingar av Hovda urettvise. Hovda skriv sjølv i føreordet til *Norske fiskeméd* at utbygginga av Norsk Stadnamnarkiv saman med arbeidet som namnekonsulent kom til å ta det meste av arbeidskrafta hans.

Det faktum at *Norske fiskeméd* vart godkjend som doktorarbeid, skulle i seg sjølv vere garanti nok for at dette er eit vitskapleg arbeid på høgt nivå. Innsamlinga og analysen av denne naturnamngruppa er eit nybrotsarbeid både når det gjeld namnegruppe og metode. Hovda fortel at tilfanget har han skaffa seg over ein 20-årsbolk og at han har vore i alle landsluter sør for Nesna i Nordland. For kysten nordanfor har han brukt fiskarar samla til fiskarmøte som informantar, og at han byggjer på eigne oppskrifter, seier han. Han vedgår at lydskrifta ikkje er perfekt. Han fortel også at det var hovudoppgåva hans som gjorde at Magnus Olsen oppmoda han om å halde fram med kystnamn.

Etter mi vurdering er det kap. II "Namn, nemne og sistelekkar" og kap. III "Namngjeving av fiskeméd" som er dei mest interessante og verdifulle med systematiske inndelingar og tolkingar av namn og nemne, utan at eg med dette vil gå god for alle tolkingane hans.

Eg har større vanskar med å vurdere *Norske elvenamn* med grunnlag i ei etterlaten samling av Oluf Rygh, som broren Karl Rygh gav ut med tittelen *Norske Elvenavne* i 1906. Men Hovda legg fram eit nytt tilfang som ikkje er med i Oluf Ryghs bok. Hovda demonstrerer her stor lokalkunnskap om dei norske elvane han skriv om, m.a. korleis dei ter seg og korleis dei lèt. Men både fordi mange elvenamn er eldgamle og såleis inneheld svært gammalt språkstoff og fordi elvenamna har vore primærnamn for yngre realsjonsnamn, tilhøyrer dei den gruppa eg kallar "ugjennomsiktige namn", dvs. namn som er svært vanskelege å tolke. Framlegga til tolkingar av slike namn er derfor også problematiske å vurdere. Eg har såleis vanskar med å slå fast om Hovdas framstilling av t.d. utdøydd lagingsmåte og hans framlegg til løysingar av mange innfløkte spørsmål kan vere rette eller range.

Storparten av Hovdas mindre, vitskaplege arbeid er samla i festskriftet til 70-årsdagen hans 17. oktober 1978, *Frå hav til hei.* Til saman inneheld denne boka om lag 20 artiklar og ein bibliografi over Hovdas samla produksjon. Storparten av dei er om naturnamn og naturnemne, som nok var Hovdas sterkaste side, særleg namn langs kysten.

Når det gjeld Hovdas arbeid som statens stadnamnkonsulent for nynorsk etter Gustav Indrebø i 1942 og fram til 1984, kan ein slå fast at han i prinsippet delte Indrebøs hovudsyn om ei streng nasjonal og høgnorsk skriftnormering av offisielle stadnamn i samsvar med "Fyresegner um skrivemåten av stadnamn" frå 1933, men han måtte sjølvsagt frå 1957 rette seg etter dei

føresegnene som då vart vedtekne og som gav meir plass for dialektnære skriftformer.

Om han også var talsmann for ubundne former etter norrønt mønster, har eg aldri vore i stand til å finne ut, men eg har ein sterk mistanke om at både Indrebø og Hovda sjølv meinte at dei norrøne ubundne formene var gjævare enn dei moderne bundne. Dette tradisjonalistiske målsynet kjempa han også for som medlem av Norsk språkråd frå 1972 som representant for Norsk Måldyrkingslag. Hovda var såleis mot både ein dialektnær skrivemåte av stad–namna og ein skrivemåte med grunnlag i norsk-dansk skriveskikk nedfelt i norsk-danske skriftformer i kjelder rå den dansk-språklege perioden.

Etter mi vurdering er det såleis ingen tvil om at Per Hovda har sett tydelege merke etter seg både som innsamlar, granskar og normerar. Kor høgt ein skal vurdere denne innsatsen i høve til pionerar som Oluf Rygh, Magnus Olsen og Gustav Indrebø, er for tidleg å seie noko om. Sjølv har eg eit inn–ramma bilete av Hovda på veggen saman med desse tre, og det vil vel bli hangande der, skulle eg tru.

PH

NILS HALLAN 1926 – 1997

Nils Hallan døde 5. januar, vel 70 år gammal. Norsk namnelag har mye å takke han for. Han var ein av initiativtakarane bak skipinga av laget, og han enga–sjerte seg også sterkt for at laget måtte gi ut sitt eige tidsskrift (*Namn og Nemne*). Hallan var aktiv i namnesamanheng ikkje berre i Noreg, men også i Norden. Han var såleis ein ivrig deltakar i det nordiske NORNA-samarbeidet sidan det kom i gang i 1971.

Nils Hallan var fødd i Skogn i Nord-Trøndelag i 1926. Alt tidlig la han for dagen stor interesse for kulturelle spørsmål. Særlig historie og namn enga–sjerte han. I fyrstninga arbeidde han dels som journalist, dels som lærar. Journalistisk teft hadde han for øvrig heile livet gjennom. Han var ein spor–hund etter nyhende og var svært godt orientert om det som skjedde innafor fagmiljøet. Etter ein samtale med Nils kjente ein seg godt oppdatert.

Nils Hallan slo seg ned i Trondheim, stifta familie der og budde der resten av livet - bortsett frå åra 1967 til 1974, da han var konservator ved Rana museum. Han hadde likevel sterkast rot i det lokalmiljøet han kom frå i Skogn, der han var fødd. På denne bakgrunnen var det derfor naturlig at han hadde sett seg ut gravplassen sin ved Alstadhaug kyrkje i Skogn, der han vart grav–lagd 10. januar.

To år etter at Hallan slutta ved Rana museum, vart han statsstipendiat (1976). Dette kom som ei påskjønning for den vitskaplige innsatsen hans, bl.a. store arbeid som bygdebøkene for Hemne (1959) og Skogn (1964). Å vera statsstipendiat opplevde han som eit stort privilegium. Nå kunne han på heiltid vie seg dei vitskaplige interessene sine. Frå hans hand kom det nå ein straum

av artiklar - med imponerande spennvidd. Han skreiv såleis om lokalhistorie og rikshistorie, religionshistorie, etnologi, kunsthistorie, namnegransking, språk–historie og ordgeografi. Eit godt innsyn i mangfaldet får den som les det oversynet over produksjonen hans som Kristoffer Kruken har laga i *Heiders–skrift til Nils Hallan på 65-årsdagen 13. desember 1991*. Han var òg ein ivrig bokmeldar. Han kunne bli så engasjert i stoffet at han sprengte dei normale rammene for ei bokmelding. Såleis kommenterte han over 46 sider boka om Gustav Indrebø av Kjell Venås.

Forskinga til Hallan vitnar om vid orientering. Og dei mangslungne kunnskapane sine kombinerte han på ein fruktbar og spennande måte. Eit døme som folk ennå minnas i Uppsala: Hallan var nyfiken på bakgrunnen til namnet Håkon og slo seg ikkje til ro med den vanlige tolkinga - at namnet hadde nordisk bakgrunn. Nei, han hadde ein meir spennande hypotese: Håkon kunne ha kommi til Norden med vikingar som hadde vori i austerveg i Russland på 800-talet. Og til Russland hadde det i sin tur kommi frå tyrkisk område der chagan var ein fyrstetittel. Han underbygde teorien sin med at chagan hadde gått over til familienamnet Kagan i russisk (seinare også brukt appellativisk i tydinga ´fyrste´, ´hærførar´). Så kvifor kunne ikkje den ærefulle tyrkiske nemninga vorti ført vidare - med vikingane til Norden?

Den vide orienteringa til Hallan finn ein att i titlane på publikasjonane hans. Nokre titlar som viser spennvidda i forskinga hans: *Sverres draum før slaget på Kalvskinnet, Ein strid i 1766-68 om eigedomsretten til prestegardane, Nattlauperi i Meldal, Farsætta til Ludvig Holberg, Domkyrkja i segn og tru, Naust, nauster, båtnaust og båtnøst, Die Berater des Schwedenkönigs.*

Sjølv om Hallan hadde vide utsyn utover - til verda utafor Noreg, var det likevel i det lokalhistoriske han engasjerte seg mest. Her er det dei ruvande bygdebøkene for Hemne og Skogn som peiker seg ut. Av andre titlar med lokalhistorisk tilknyting kan nemnas: *Da Erling Jarl fall i Nidaros, Jutulen Markus i Rennebu, Jemter i Trøndelag, Hans Nielsen Hauge [i Namdalen]. Samane i Rana, Det lokalhistoriske arbeidet i Trøndelag i dag.*

Innafor namnegranskinga var han særlig oppteken av stadnamn. Om dette vitnar titlar som *Øynamnet Smøla, Det gamle namnet på Snåsavatnet, Bygdenamnet Skaun, Stadnamn i grenseland, Eit nordsvensk innslag i det nordnorske namnelandskapet, Innvandring eller indre vokster i Nord-Noreg i førhistorisk tid sett i lys av stadnamna, Bruk av gamle kart i namnegransking.* Det var også verdifullt, bl.a. for norsk stadnamngransking, at han engasjerte seg i vitskapsteoretisk samanheng. Om dette talar titlar som *Norsk stadnamnvitskap i dag og i morgon* og *Lokalhistorie og tilgrensande vitskapar.*

Hallan var godt orientert om det som skjedde internasjonalt innafor det vide interessefeltet sitt. Han nøgde seg ikkje med å lesa faglitteratur på engelsk, tysk og fransk. Nei, han lærte seg også russisk og polsk - og kunnskapar i gresk og latin kom godt med når han følte at han måtte gå "ad fontes". Eit vitnemål om dei gode språkkunnskapane hans er den russiske faglitteraturen

han lét etter seg: Berre ved meir sjeldsynte ord måtte han slå opp. Da har han med sirlig handskrift ført opp tydinga i margen.

Hallan hadde ein særmerkt og korthoggen stil som av og til kunne føre tankane tilbake til Snorre. Han skreiv spennande om faglige emne, ofte med ein humoristisk snert. Han var ein dyrkar av brevkunsten, og dei mange han skreiv til, var garantert mye god humring når dei opna brev frå han. Dei omfattande kunnskapane sine delte han raust med andre, både fagfellar og studentar. Med sitt runde og joviale vesen hadde han ei eiga evne til å komma i kontakt med folk, både lek og lærd. Ja, det er mange som har fått vidare innsyn og utsyn etter ei kaffestund med Nils. Det gledde han mye å få eit heidersskrift på 65-årsdagen i 1991. Eit vitnemål om den store kontaktflata hans var at heile 48 fagfellar ville bidra med artikkel, og at helsingslista i boka var uvanlig lang.

Sjølv om helsa til Hallan ikkje var god, hadde han likevel overskott til å spreie glede og humor der han gjekk. Han var ingen friluftsmann, men omtalte seg sjølv likevel som ein "naturvenn" fordi han ikkje gjekk ut i naturen og tråkka han ned. Mellom fagfellar var han i sitt ess, og det kunne få han til å gløymme kroppslige plager. I 1989, under den nordiske namnekongressen i Brandsbjerg i Danmark, overraska han såleis andre - og seg sjølv - med å komma nesten til topps på Himmelbjerget.

Vi takkar Nils Hallan - det vennesæle medmennesket og den rikt utrusta fagfellen - for det han har gjort for norsk namnegransking.

GA

BOKOMTALAR

NY LÆREBOK I STADNAMNGRANSKING

Peter Hallaråker: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking.* Universitetsforlaget. Oslo 1997. 280 s.

I *Nytt om namn* 23 (1996) hadde eg ein omtale av *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og praksis,* ein sluttrapport om Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal. Den fyldige rapporten var forfatta av Peter Hallaråker, og eg avslutta med å seia at kapittel 6 (ikkje kapittel 7 som det stod i omtalen) etter mitt syn var eit fullverdig alternativ som innføring i stadnamngransking på universitets- og høgskulenivå.

No eit år etter er Hallaråker på marknaden med ei ny bok, *Innføring i stadnamn. Innsamling og metode.* I denne boka har han teke ut og delvis omarbeidd dei generelle delane frå rapporten, og sett dette saman til ei inn-

føringsbok i innsamling og gransking av stadnamn. Boka er nyss utkomen, og denne omtalen er basert på ei rask gjennomlesing.

Av føreordet går det fram at forfattaren har tenkt seg ulike målgrupper med boka, og dette går fram av disponeringa av stoffet. Hallaråker har valt å dela det inn i to hovudbolkar. Del 1, "Innsamling av stadnamn", inneheld ni kapittel og er fyrst og fremst ei praktisk og metodisk rettleiing i innsamling av stadnamn både for einskildpersonar, organisasjonar, kommunar, elevar i den vidaregåande skulen som har stadnamn som særoppgåve, og studentar ved høgskular og universitet. Emna Hallaråker tek opp i denne delen, er innsamlingshistorikk og innsamlingsmetode, kartbruk og kartforståing, dataføring, og nytte og formidling. Han har òg med eit kapittel om elementær stadnamnteori, fordi, som han seier, ein god innsamlar må ha eit visst teoretisk fundament å arbeida ut frå. Her kjem han inn på kjende spørsmål innan namnegranskinga som *Kva er ein stad?* og *Kva er eit stadnamn?*, og på ein oversiktleg måte tek han opp problem som knyter seg til dei språklege sidene ved namna, og ikkje minst tilhøvet mellom tale og skrift.

I Del 2, "Gransking av stadnamn", blir dette utdjupa. Denne bolken har åtte kapittel og er tenkt som ei teoretisk innføring i stadnamngransking for studentar på høgskule- og universitetsnivå. Her går forfattaren inn i og drøftar fleire vesentlege sider ved stadnamnvitskapen. Utgangspunktet for denne delen er kapittel 6 i sluttrapporten frå stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal, og eg viser difor til det eg har sagt om dette kapitlet i *Nytt om namn* 23. Eg vil likevel peika på at boka no har eit fyldig historisk oversyn over stadnamngranskinga i Noreg fram til i dag. Hallaråker deler inn forskingshistoria i fem periodar: 1) Pionerperioden (1830-1878), 2) Oluf Rygh-perioden (1878-1899), 3) Mellomkrigstida, Magnus Olsen og Gustav Indrebø, 4) Etterkrigstida fram til slutten av 1970-åra, og 5) Regionaliseringsperioden (fram til i dag). Han seier at denne siste perioden også kan karakteriserast som "samarbeidsperioden", "moderniseringstida" og "teoriperioden", men han har valt "regionaliseringsperioden" for å markera at regionalisering no er eit heilt gjennomgåande drag.

I dette oversynet blir dei viktigaste namnegranskarane og verka deira nemnde, og vi får eit godt innblikk i kva norsk stadnamngransking har stått for. Eg saknar likevel noko om dei store gardsnamnklassene og om dateringsmetode, som eg meiner høyrer med i ei lærebok av dette slaget. Gardsnamna som forskingsemne har stått sentralt i norsk stadnamngransking frå byrjinga, og Hallaråker sjølv nemner denne namnegruppa fyrst når han trekkjer fram ymse særdrag ved denne granskinga. Likeins saknar eg Kjell Venås og boka hans *Norske innsjønamn. III. Hedmark fylke* (Oslo 1987), som er ei vidareføring av "eit verk om norske innsjønamn som Gustav Indrebø gjorde opptaket til for meir enn 60 år sidan", som det heiter i føreordet. Trass i at boka fekk til dels sterk kritikk, høyrer ho med i den sentrale delen av norsk stadnamnlitteratur. Ho finst heller ikkje i litteraturlista, som er fyldig og ser ut til å ha med det viktigaste innan norsk stadnamngransking. Her er det elles på sin plass

med ein utfyllande kommentar frå underskrivne. I innleiinga til litteraturlista blir det vist til *Norsk stadnamnbibliografi* (1997), som eg har arbeidd med i fleire år. Bibliografien er dessverre enno ikkje tilgjengeleg, men slik det ser ut no, vil han vera det frå årsskiftet 1997-98.

Interessa for stadnamninnsamling og stadnamngransking er stor i Noreg. Boka *Innføring i stadnamn. Innsamling og teori* er fyrst og fremst eit verdfullt hjelpemiddel til dei som ynskjer å setja seg inn i den praktiske delen av stadnamnfaget, og ho vil vera eit aktuelt alternativ for studentar som ei fyrste innføring i stadnamngranskinga som vitskap. Også den vidarekomne vil sjølvsagt ha nytte av boka. Når det gjeld den teoretiske sida av faget, vil han likevel framleis vera avhengig av annan litteratur, t.d. det danske innføringsverket *Stednavneforskning 1* og *2*, men det er heller ikkje den vidarekomne Hallaråker i fyrste rekkje vil nå. Boka er velskriven, og som vanleg har forfattaren eit godt pedagogisk grep på stoffet.

Terje Larsen
Oslo

FESTSKRIFT TIL JØRN SANDNES

Kjell Haarstad, Anders Kirkhusmo, Dagfinn Slettan og Steinar Supphellen (red.): *Innsikt og utsyn. Festskrift til Jørn Sandnes.* Utgitt av Historisk institutt, NTNU. Trondheim 1996. 291 s.

Professor Jørn Sandnes fylte 70 år i fjor, og i det høvet har kollegaer ved arbeidsstaden hans redigert eit fyldig festskrift.

Jørn Sandnes er ikkje berre ein av våre fremste historikarar; han er også ein nestor i norsk stadnamngransking. Han starta sin akademiske karriere som namnegranskar, med hovudoppgåva om elve- og innsjønamn i Snåsa frå 1953, og han har sidan aldri sleppt heilt taket i dette emnet. Jørn Sandnes er no ein av statens namnekonsulentar for Trøndelag og tilgrensande område, og på den måten kan ein seie at ringen er slutta.

Det er likevel berre éin "rein" stadnamnartikkel i festskriftet. Ola Stemshaug tek opp nokre elvenamn i Orklavassdraget. Dette området er kjent for å ha mange usamansette elvenamn. Jørn Sandnes har ofte komme tilbake til desse namnegruppene heilt sidan hovudoppgåva, og i Meldalen har han gått særskilt inn på både vassdragsnamn og andre stadnamn. Ola Stemshaug nytolkar elvenamnet *Jøla* (kjent for fotturistar i Trollheimen i samband med *Jøldalshytta)* og gir ein etymologi for det hittil utolka elvenamnet *Ela.* Han ser dei to som høvesvis 'kløftelva' og 'renne-elva', og finn at dette måtar godt med naturtilhøva. Stemshaug meiner elles at desse namna ikkje treng vera så svært gamle. Det nære sambandet dei syner til eksisterande, appellativisk språkstoff kan tyde på at dei ikkje er eldre enn Svartedauden, kanskje til og med etterreformatoriske.

Elles dominerer historiefaget i festskriftet, med eit breitt nedslagsfelt, frå mellomalder og religionsskifte til utmarksslått på 1800-talet og hamskiftet i bondesamfunnet. Det er elles vurderingar av Jørn Sandnes som historikar, formidlar, forskingsleiar og og administrator. Ikkje ein gong Thorsten Andersson skriv om namn denne gongen, men drøftar i staden nemninga *varþhælde* i Östgötalagen. Fleire artiklar kjem inn på det nordiske øydegardsprosjektet, som Jørn Sandnes var leiar for. I den lengste artikkelen i boka skriv Liv Marthinsen om norsk busetnadshistorie etter øydegardsprosjektet. Det kan vera verdt å notere seg at ho i denne samanhengen stiller forventningar til dei granskingane som no pågår om gardsnamnklassane *-by* og *-rud*.

Jørn Sandnes har fått eit omfattande og godt gjennomarbeidd festskrift, med mykje interessant lesnad. Frå eit namnefagleg synspunkt kunne ein kanskje ønskt at det hadde "drope litt meir på klokkaren". Sandnes har vore så sentral både i namnegransking og ikkje minst namnerøkt, at det kunne vore på sin plass med ei samla vurdering av innsatsen hans også på desse områda. Men det kan kanskje komma ved eit anna høve.

Festskriftet blir avslutta med ein bibliografi over produksjonen til Jørn Sandnes til og med 1995, utarbeidd av Åsa Sandnes.

Tor Erik Jenstad
Trondheim

FESTSKRIFT TIL EGIL PETTERSEN

Jarle Bondevik, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes og Helge Sandøy (red.): *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen.* Alma Mater, Bergen 1997

Egil Pettersen fylte 75 år 4. mars 1997, og fekk ved det høvet eit innhaldsrikt festskrift med artiklar av ei rekkje kollegaer innanfor nordiskfaget. Pettersen, som var professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Bergen frå 1971 til 1991, har som forskar arbeidd særleg med språkhistoriske emne, med Bergensdialekten og med normeringsspørsmål innanfor bokmål, men han har og drive personnamnhistorisk forsking, og han har vore og er framleis ein av namnekonsulentane for Vestlandet. Jarle Bondevik innleier boka med ein biografisk artikkel om Pettersen der monografien *Personnavn i Vest-Norge 1450-1550* blir omtala, men namnekonsulentvervet blir ikkje nemnt.

Som vanleg i slike "samanskotsfestskrift" er innhaldet variert, og speglar av den allsidigheita innanfor faget som Pettersen sjølv er eit døme på. Men frå eit onomastisk synspunkt er det berre tre av artiklane det høver å nemne spesielt. Alf Grannes skriv om etnonym og inkolentnamn i det som var Sovjetunionen, og illustrerer godt både forvirringa i nemningsbruken og ideologiseringa som gjer seg gjeldande her. Jon Erik Hagen skriv om bruken av preposisjonane *på* og *i* framfor stadnamn og andre substantiv som markerer stad. Lars S. Vikør behandlar termane og omgrepa *gjeldande rettskriving* og

gjeldande rettskrivingsprinsipp i stadnamnlovgjevinga og bruken av dei i nokre konkrete namnesaker.

LSV

ANNA MELDINGSSTOFF

FRÅ *AVDELING* TIL *SEKSJON* FOR NAMNEGRANSKING

Etter vedtak i rådet for Institutt for nordistikk og litteraturvitskap (INL) ved Universitetet i Oslo skal Avdeling for namnegransking frå 1. juli 1997 ikkje lenger vera avdeling med formell status. I staden skal den tidlegare avdelinga fungera som ein seksjon direkte underlagd instituttstyret. I praksis kjem seksjonen til å fungera på om lag same måten som den tidlegare avdelinga.

BH

EVALUERING AV LOV OM STADNAMN

Kulturdepartmentet har no starta arbeidet med å evaluera lov om stadnamn. I fyrste omgang blir det utarbeidd eit spørjeskjema som blir sendt ut til eit utval kommunar og andre instansar som kan definerast som "brukarar" av lova. Dei svara som kjem inn, skal vera eit av grunnlaga for eventuelle framlegg til endringar av regelverket.

Terje Larsen
Oslo

REVISJON AV *NORSK STADNAMNLEKSIKON*

Dei fleste som les *Nytt om namn,* kjenner nok oppslagsverket *Norsk stadnamnleksikon.* Somme kan nok òg ha vorte skuffa over manglande oppslagsord, eller dei har funne opplysningar som dei meiner kan vera feil. No skal vi kunne bøte noko på dette.

Sjølv om *Norsk stadnamnleksikon* har komme i tre utgåver, så er det først no redaksjonen har fått høve til å gjera ein skikkeleg revisjon. Tidlegare har forlaget berre gjeve oss høve til å rette og omredigere innafor den einskilde spalta. Men denne gongen skal vi kunne omskrive eldre framstillingar og få med det siste innafor aktuell stadnamngransking, i tillegg til heilt nye namneartiklar. Så no kjem det vonleg brukbare oppslagsartiklar om både Ånderdalen, Bruhagen og andre namn som har sin sjølvsagde plass i eit slikt verk. Også nokre nye grunnord kjem til, som t.d. *vidde* f.

Sidan førsteutgåva kom for vel tjue år sidan, har to medarbeidarar gått bort, men vi har fått eit par nye no. Redaksjonssekretær for denne utgåva er cand. philol. Berit Sandnes, og redaksjonen er som før samla i Trondheim. Vi trur vi har bra geografisk dekning av landet, men er det nokon som har sterke grunnar for å få med eit namn, eller rette på noko ein meiner er feil, så kan ein skrive til redaksjonen med grunngjeving om kvifor ein vil ha ei endring eller eit tillegg. Vi reknar å få med ein 2-300 nye namn, men kan vel alltids smette inn noko enno.

Både forlaget, Det Norske Samlaget, og redaksjonen tek sikte på lansering av den nye utgåva i november. Sjølv om vi har hatt våre problem med overføringa av leksikonet til EDB (skanning), så får vi tru at fristen vil halde, med god innsats i alle ledd.

Ola Stemshaug
Trondheim

NORNA-NYTT

Etter det førre nummeret av *Nytt om namn* var ferdigredigert, har det vorti haldi to styremøte i NORNA: 23 nov. 1996 (i Oslo) og 9 feb. (i Uppsala). Eg vil her nemne nokre av dei sakene som har vori oppe til behandling på desse to møta:

- NORNA-stipendet på 3000 svenske kroner vart tildelt Maria Aljoksjina, St. Petersburg.
- Det blir lyst ut eit nytt NORNA-stipend på 3000 svenske kroner (søknadsfrist 1. sept. 1997). Informasjon om stipendet er sendt til universitet og høgskolar i Norden. (Intersserte søkarar frå Noreg kan også vende seg til Gulbrand Alhaug, ISL, 9037 Tromsø.)
- Eit oversyn over nordisk namnelitteratur som er til sals, er laga av styremedlemmane i NORNA. Oversynet er sendt til institusjonar der det blir undervist/forska i namn.
- NORNA-komitéen støttar eit framlegg om å laga ein maskinlesbar nordisk namnebibliografi. I Noreg er ein alt i gang med EDB-registrering av ein norsk namnebibliografi. Dei andre landa vil vente til dei får ressursar til eit slikt prosjekt.
- NORNA-sekretariatet i Uppsala tek sikte på å legga ut informasjon om verksemda i NORNA på internett.
- Nye publikasjonar frå NORNA:
  - Nordisk namnforskning 1996
  - Nordiskt namnforskarregister 1996
  - Foredrag frå den 11. nordiske namneforskarkongressen 1994
  - Ägonamn - struktur och datering (kjem sommaren 1997)
  - Byens navne (kjem sommaren 1997)
- Kommande symposium og kongressar:

- Den 12. nordiske namneforskarkongressen, Tavastehus, Finland, juni 1998.
- The XXth International Congress of Onomastic Sciences, Santiago de Compostela, Spania 1999 (ventelig i april).
- Namnegransking og historie/arkeologi. Symposium til minne om Oluf Rygh. Stiklestad, sommaren (evt. hausten) 1999.

GA

SVENSK PRIS TIL NORSK NAMNEGRANSKAR

Fyrsteamanuensis Ola Stemshaug, Universitetet i Trondheim, vart før årsskiftet tildelt Gustav Adolf-Akademiens pris for sin innsats i norsk namnegransking. Det finansielle grunnlaget for prisen er fondet etter den svenske namnegranskaren Jöran Sahlgren. Stemshaug har ein stor produksjon bak seg, både læreverk, oppslagsverk og ei rekkje større og mindre avhandlingar og artiklar.

BH

SKOTSK NAMNELAG STIFTA

Den 17. februar 1996 vart det på universitetet i St. Andrews halde ein dagskonferanse om stadnamn med 130 deltakarar. Etter sjølve konferansen vart Scottish Place-Name Society stifta. Det vart oppretta ei styringsgruppe der universiteteta i Edinburgh, Glasgow, Aberdeen og St. Andrew er representerte, og det vart bestemt at styraren for namnelaget skal vera Ian Fraser, som er leiar for Scottish Place-Name Survey ved Universitetet i Edinburgh.

Formålet med skipinga er å fremme interessa for skotske namn generelt. Meir konkret er dette tenkt gjort gjennom ein publikasjonsserie og gjennom utvikling av ein ny database for skotske bustadnamn. Denne databasen blir nett no utvikla av Simon Taylor ved Universitetet St. Andrews, og det er tenkt at Taylor skal samarbeide nært med styringsgruppa til namnelaget.

Både når det gjeld databasen og dei planlagde publikasjonane, vil namnelaget lære av og samarbeide med liknande lag i England, Nord-Irland og Skandinavia. Dette vart understreka på ein dagskonferanse som namnelaget skipa til i Edinburgh, der m.a. Tom Schmidt frå Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo deltok.

Postadressa til namnelaget er Scottish Place-Name Society, c/o School of Scottish Studies, University of Edinburgh, GB-Edinburgh EH8 9LD

Er du interessert i å bli medlem og dermed motta Newsletter of the Scottish Place-Name Society, så send 5 til Carole Hough, 12 University Gardens, University of Glasgow, GB-Glasgow G12 8QQ

Arne Kruse
Edinburgh

HOVUDOPPGÅVER VÅREN 1997

Gunnar A. Bogstrand: Gardsnamn på -land i Nord-Noreg. Hovudoppgåve i nordisk språk ved Universitetet i Oslo. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap.

Astrid Rode: Tradering av norske og finske bostedsnavn på Grue Finnskog 1939-1993. Hovedfagsoppgave. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Avdeling for nordisk språk og litteratur. Universitetet i Oslo.

HOVUDOPPGÅVER UNDER ARBEID (ARBEIDSTITLAR)

Tromsø

Kari B. Enoksen: Fornavn i by og land. Ei sammenlikning mellom fornavna i Tromsø og Tromsøysund på 1800-tallet.

Sylvi Greiner: Navn på barn født i "tyske" familier i Norge 1976-1996 (minst en av foreldrene må være tysk).

Rita Hoel: Ei sammenligning mellom fornavn på Senja og Indre Troms (Målselv og Bardu) fra 1800 til 1995.

Rune Knutsen: En undersøkelse av navngivingsmotiv hos foreldre med barn født i Tromsø 1985-1987.

Guro Reisæter: Namn på barn fødde i "innvandrarfamiliar" i Tromsø 1976-1996 (minst ein av foreldra må vera utlending).

Cissel Samuelsen: *Astrup* Hansen og *Jentoft* Olsen - opphavlige slektsnamn brukt som fornamn.

Oslo

Leif André Løkke: Stedsnavn som kilde til kunnskap om det førindustrielle jordbrukssamfunnet (med grunnlag i materiale fra Rønneldfjerdingen i Skjeberg).

Åse Wetås: Striden omkring bynamnet Oslo.

NAMNEBIBLIOGRAFI 1995 - TILLEGG

Lædre, Per Einar: Gatenavn i Egersund sentrum. I: *Årbok for Dalane.* Nr. 11. Dalane Folkemuseum. Årbok 1993-1995. Eigersund 1995, s. 37-64.

Midbrød, Arvid: I: Der Egersund ble lagt. Streiftog i Eigersunds eldste historie. I: *Årbok for Dalane.* Nr. 11. Dalane Folkemuseum. Årbok 1993-1995. Eigersund 1995, s. 5-36.

Returadresse:

Seksjon for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 OSLO

ISSN 0800 – 4676

Falch Hurtigtrykk, Oslo